

Gamal viking Av Ragnvald Skrede

Så kald har eg sjeldan
kjent gusten av nord,
slik lengta eg aldri
mot mørkret i jord.
Det haustar, det haustar –
stryk skodda den grå,
er lauvribba lier
det syn eg mun sjå.

Det skortar meg ikkje
på gods eller gull,
kvar låve på gardom
av grøde står full.
Kva er det, kva er det –
eg gruvlar og spør,
all verda er mindre
enn bygda var før.

Der borte går Atle,
min utslitne træl.
Kva er det han ser mot?
Kvi er han så sæl?
Her står eg, her står eg
og kannar meg haug,
eg vavrar og stavrar
som stirande draug.

Dei kalla meg konge,
eg sigra i slag,
mitt rike var ovstort
og er det i dag.
Det glimar, det glimar
lik kveldsky i brann.
Kva var det som sløkte
kvar glede eg fann?

Den nornene kåra
til sjaar og skald
er gjeven for alltid
si kvide i vald.
Men svik han, ja svik han,
da blir han som eg.
Den skatten eg vraka
sa dom over meg.

Mi ætt sit i Valhall
og biar min kveld.
D'er fåfengt å vente,
eg kjem ikkje lel.
Det grånar, det grånar,
det kastar i hø.
Snart sit eg og teier
i mold under snø.

Or samlingi *Den kvite fuglen* (1955),
her prenta etter *Vintersvale* (2002),
redigert av Otto Hageberg.

I dette nummeret:

Lars Bjarne Marøy:	Heidersprisar frå Halldor O. Opedals fond	s. 2
Arne Holmin:	Bjørgvin høgnorsklag med målseminar i Bergen	s. 2
Olav Torheim:	Striden i høgnorskrørsla – eit stutt umriss	s. 3
Jostein Krokvik:	Målrørsla og «Statens Vergemaal»	s. 4
Arne Torp:	Protestpip frå museal fagmann	s. 4
Anders Moe:	Sosiolingvismen – mistydd sosialisme	s. 5
Lars Bjarne Marøy:	Låttvekkjande og tragisk frå ein statsteknokrat	s. 6
K. E. Steffens:	Ragnvald Skrede – eit serleg forvitneleg biografisk objekt	s. 8
Lars Bjarne Marøy:	Storverk um retorikk i prydeleg setningsbyggnad	s. 9
Tore Lund:	Tvo uvanlege kvinner	s. 11
Lars Bjarne Marøy:	Styrt av høgre makter	s. 12
Johannes Gjerdåker:	Diktaren og delfinen	s. 16

Heidersprisar frå Halldor O. Opedals fond

Av Lars Bjarne Marøy

Halldor O. Opedals fond peika nyleg ut fire personar til å få heidersprisen frå fondet. Prisen er på 25 000 kroner, og hev vorte yverrekt prisvinnarane på høgtideleg vis.

Prisvinnarane hev alle gjort ein stor innsats for norsk målreising kvar på sitt hald. Målmannen tykkjer difor det er grunn til å draga deim fram kvar for seg.

Hallvard Bergwitz hadde fleire av dei kvalifikasjonane som skulde til for å få målpris. Bergwitz hev millom anna arbeidt med bladarbeid gjennom å gjeva ut bladet Noreg. Han hev skipa mållag og arbeidt med bokreidsla i yrkjet som skri-var i Norsk Måltyrkingslag. Bergwitz

skriv ein mynstergod nynorsk.

Johan Anthon Schulze hev ein lang karriere attum seg som målgranskar på Målførearkivet ved Universitet i Oslo. Han hev gjort sers mykje verdfullt arbeid med innsamling og kartlegging av norske målføre. Schulze hev skrive godt norskt mål og arbeidt trottugt for Aasen-målet. Han hev òg havt tillitsyrkje i Studentmållaget i Oslo og i Norsk Måltyrkingslag.

Aslaug Høydal hev vore lærar, men ho er best kjend gjennom ein utfemnande forfattarskap med millom 40 og 50 bøker. Høydal skriv framifrå godt mål. Ho nyttar i-mål og er purist. Bøkene hennar er

merkte av godt språkleg handverk. Høydal hev òg skrive mykje i lokalpressa.

Einfrid Perstølen hev arbeidt som granskar innanfor barnepsykatri. Ho hev i årevis stridd for landsnamnet Noreg på pengesetlar og frimerke. Perstølen hev òg markera seg gjennom mykje anna godt målarbeid. Ho er dessutan måldyrkar.

På grunn av ulike umstende vart det uråd å få skift ut prisane til alle prisvinnarane samstundes. Hovudsamkoma var i Bergen 12. juni. I samband med denne samkoma vart det halde eit seminar (sjå nedanfor) og ein festmiddag. Seinare i juni vart det halde ei samkoma på Bondeheimen i Oslo.

Björgvin høgnorsklag med målseminar i Bergen

Av Arne Holmin

I samband med at Halldor O. Opedals fond etla ut heidersprisar (sjå ovanfor), heldt Björgvin høgnorsklag eit seminar i Bergen laurdag den 12. juni. Innleidarane på seminaret var Roger Lockertsen, Klaus Johan Myrvoll og Lars Bjarne Marøy.

Fyrsteamanuensis Roger Lockertsen heldt eit framifrå interessant og tankevekkjande fyredrag um den striden som stod um bynamnet Nidaros i åri kring 1930. Han drog fram dei viktuge hendingane i det som i ettertid hev vorte ståande som den største og mest intense kulturpolitiske striden i Noreg nokon gong. Striden var i ei tid då presseverdi var onnorleis enn ho er no. Bladfloraen var stor med partiavisor og ymse serorgan. Striden bylgja fram og attende med fleire rundar innum bystyret og Stortinget. Men mest av alt var dette ein strid som merkte heile byen kring 1930. Store underskriftsaksjonar, avisskriving, hververksaksjonar og dilikt gjorde at det vart lite av jubileet

for slaget på Stiklestad, eit jubileum som både kunde og burde ha vore til stor gagn for byen og ikkje minst for handelsstanden i byen. Det enda tvert imot med at byen tapte store handelsinntekter på at bygdene ikring fekk uhug til byen.

Lockertsen hadde havt studieupphald millom anna i Roma og kunde fortelja um fleire spanande dokument som underbygde at Nidaros-namnet hadde vore namn på byen ved Nidelvi lenger attende enn det sume granskarar, serleg Didrik Arup Seip, vilde gå med på medan striden stod på.

Språkstudent Klaus Johan Myrvoll tala um bruken av nemningane norsk og nynorsk i målsoga. Med døme frå nyare språkhistoriske framstellingar kunde han syna korleis *nynorsk* hev tapt terreng som nemne på den yngste bolken i målsoga vår. Det keivelege «moderne norsk» vert nytta i staden, gjerne ved sida av nemni *gamalnorsk* og *millomnorsk*, som i røyndi krev *nynorsk*.

Myrvoll tala vidare um kva tyding som vert lagd i ordet *norsk*. Det hev vorte vanleg å rekna dei norske målføri, det nynorske skriftmålet og det norsk-danske skrift- og talemålet («bokmål») for greiner av same målet, i motsetnad til den tradisjonelle syni, nedfelt m.a. i dei vitenskaplege verki åt Alf Torp og Hjalmar Falk, som er at norsken og norsk-dansken er tvo åtskilde mål med kvar si soga. Myrvoll synte korleis den nye innbolkingi skaper vanskar for granskarane når dei vil tyda ut norsk-danske former med norsk målvokster.

Lektor Lars Bjarne Marøy tala um hundradårssoga åt Studentmållaget i Oslo, *Studentar i målstrid*, som kom ut i fjor. Han stelte spursmålet um soga åt Studentmållaget i Oslo vitnar um eit uvanleg verksamt mållag eller eit lag som hev vore styrt av høgre makter. Me skal ikkje ganga nærare inn på fyredraget her, då det er prenta ein annan stad i dette nummeret av Målmannen.

Endeleg nytt nummer av Målmannen

Dette nummeret av Målmannen hev vorte dugeleg forseinka. Det skulde i røyndi ha kome for vel eit halvår sidan. Når det kjem fyrst no, heng det saman med at me i redaksjonen, ikkje minst bladstyraren, hev vore upptekne med andre plikter og gjeremål, og at det hev kome lite tilfang til bladet.

Det er difor med gleda me no legg fram eit rikhaldigt nummer, med ord-

skifteinnlegg, målpolitiske stykkje, fleire bokmeldingar og ymist meldingsstoff. Me vil serleg draga fram den lange og grundige meldingi som Lars Bjarne Marøy hev skrive av sogebooki åt Studentmållaget i Oslo. Meldingi byggjer på vidfemnande historiske kunnskapar, og gjev nye perspektiv på målrørsla både i fyrrtid og notid.

Med di det truleg ikkje kjem so

mange nummer av Målmannen i år, hev me funne det rettast å setja bladpengane for 2004 til 100 kroner. Me vonar at mange av lesarane våre vil halda fram med å tinga bladet, og bed um at de svarar den vedlagde giroblanketten. Målmannen hev ingi fast innkomekjelda, og treng all den studnaden det kann få. Ei gáva til bladet kjem difor godt med.

God lesnad!

Striden i høgnorskårsla – eit stutt umriss

Av Olav Torheim

Dei siste åri hev sume byrja å tala um striden i høgnorskårsla. Kva var striden um? Og kva er utfallet av striden? Det er spursmål som dei historikarane som ev. skal vurderer kjem til å ha vanskar med å verta vis på. Hjø Fylkesmannen i Hordaland ligg det ei rad brev som kann dokumentera mykje, men langt frå alt. Kvar desse brevi er um hundrad år, er òg uvisst. Det kann soleis vera grunn til å taka opp nokre hovudlinjer i det som hev gjenge fyre seg i høgnorsk-samskipnadene dei seinaste åri.

Usemja i Vestmannalaget tok til med at det vart halde umfram årsmøte i 2000. I samband med det møtet stod det fram tvo flokkar i laget. Det som vert uttala som Marøy-fraksjonen, vann det umfram årsmøtet. Marøy-fraksjonen hadde eit klårt uttala mål um å driva målreising på breidt grunnlag.

I 2001 tapte Marøy-fraksjonen valet i Vestmannalaget med minst mogleg margin, ei røyst yvervekt avgjorde styrefleirtalet. Etter dette årsmøtet hev ein tala um Askeland-fraksjonen etter di Jon Askeland vart formann. Askeland-fraksjonen hadde fåe uttala mål. Det viktugaste som hende millom årsmøti i 2001 og 2002, og som kjem til å verta hugsa, er vel at Askeland-fraksjonen nytta styrefleirtalet til å segja upp Lars Bjarne Marøy som bladstyrar for Vestmannen. Bladet slutta å koma ut med ti nummer i året, trass i at økonomien at bladet var solid.

På årsmøtet i Vestmannalaget i 2002 stelte Askeland-fraksjonen ultimatum på at fraksjonen skulde ha «eit reint styre». Det danar bakteppet for dei mest interessante hendingane i høgnorskårsla i tidi etter. Askeland-fraksjonen var openbert misnøgd med at dei nære bandi fraksjonen hadde til Halldor O. Opedals fond vart brotne i 2000 då det kom nye folk inn i fondsstyret. Denne misnøgja fekk fritt utlaup etter årsmøtet i 2002. Kritikken av pengeløyvingane som fondet gjorde og formalitetar i tilknytning til fondsstyring var krass, men vart tilbakevist av fondet, og Askeland-fraksjonen hadde ikkje noko høve til å få gjennomslag for synspunkti sine.

Askeland-fraksjonen må difor ha kome fram til at det var naudsynt å tryggja seg kontroll yver Opedalsfondet gjennom å kontrollera dei lagi som peikar ut styresmenn til fondet. Fyrste framstøytan vart gjord i høve til Vestlandske Mållag, men framstøytane enda med stillingskrig og stoda var fastlæst. Ivar Aasen-sambandet var

lokalisert i Oslo, og det vart ikkje gjort nokon framstøytar mot laget. Derimot vart det dana ein allianse millom Askeland-fraksjonen og formannen i Norsk Målrykingslag, Arne Gjeraker. Gjeraker fungerte dessutan som advokat for Askeland-fraksjonen i den rettslege prosessen med styret i Vestlandske Mållag.

Leidande målsmenn for Marøy-fraksjonen konstaterte at det yverordna for Askeland-fraksjonen ikkje var å driva målreising og grunnlagsdiskusjonar kring målsaki. Dei kvassaste kritikarane tala um koseklubb og mimring, heller enn målreising.

Leidande målsmenn for «Marøy-fraksjonen» såg fyre seg at Askeland-fraksjonen truleg vilde koma til kort når det galdt Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet. Dei ynskte difor å demma upp for Askeland-fraksjonen og i beste fall hindra at denne fraksjonen fekk fleirtal i fondet. Det kunde gjerast gjennom å røysta inn tvo nye lag i fondet. Med siger for Marøy-fraksjonen i rettsaksi kring Vestlandske Mållag vilde det tryggja eit fleirtal mot Askeland-fraksjonen.

I spissen for denne løysingi stod Klaus Johan Myrvoll og Olav Torheim. Men dei var avhengige av studnad frå resten av høgnorskmiiljøet i hovudstaden. På årsmøtet i Høgnorskringen i desember 2003 vart det klårt at denne studnaden ikkje lenger var til stades. Målreisingslina til Myrvoll og Torheim skulde ikkje hjelpast fram. I staden for frie ordskifte skulde ein halda seg til den politisk korrekte dagsetelen til Norsk Målungdom og til trongsynt og innerterskodande arbeid for høgnorsken, og ikkje ei meir heilskapleg og allsidig målreising.

Det vart då klårt for eit fleirtal av styresmennene i fondsstyret at løysingi med tvo nye lag i fondsstyret ikkje kunde verta nokor varande eller gagnleg løysing. Den indre striden millom tvo eller tri fraksjonar vilde føra til fleire motsetnader og usemje. I ei slik stoda vart det òg so godt som fåfengt å vinna rettsaksi um Vestlandske Mållag av di striden vilde halda fram der med.

I den stoda valde styret i Vestlandske Mållag å gjeva laget yver til Askeland-fraksjonen, og Marøy og stydjespelarane hans neitta upptaking av nye lag i Opedalsfondet. Dei lagi som studde det lovlege styret i Vestlandske Mållag, valde å melda seg ut or samskipnaden, og styret kalla inn til eit årsmøte der styresmennene på fyre-

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Postboks 49 Blindern
0313 Oslo

Bladstyrar:

Klaus Johan Myrvoll
Nedre Ullevål 9-322
0850 Oslo
klausjon@online.no

Tingar- og lysingsandsvarleg:

Olav Torheim
olafr@online.no

Netstad:

maalmannen.sambandet.no

Bladpengar kr 100,-

Bankgiro 2291.14.45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.

hand hadde sagt frå seg røysteretten. Askeland-fraksjonen gav soleis upp kravet um å vera det røynelege Vestlandske Mållag, men fekk i staden yvertaka laget.

Sume vil kann henda spytja seg um det var verdt bryet å halda denne striden gangande, og um kva det var Marøy-fraksjonen ynskte. Då fraksjonen arbeidde for arbeidsprogram i Vestmannalaget, vart dette tydelegvis ikkje teke ålvorleg. Det som best kann illustrera kva leidande folk i denne fraksjonen stend for, er det dei hev gjort. Nokre stikkord: Høgnorsk dagar fire år på rad, 20 nummer av Vestmannen og 8 nummer av Målmannen, fire målstemnor i perioden 2001–2004 med meir.

Målmannen vil koma med sume oppsummeringar av hendingane i høgnorskårsla i den mun me meiner det er høvelegt og turvande. No gjeld det derimot å sjå frametter. Me som stend attum bladet ynskjer no som fyrr å retta fokus mot det praktiske og planmerkte målarbeidet. Vonleg vil bladet få levelege vilkår i tidi som kjem.

Målrørsla og «Statens Vergemaal»

Av Jostein Krokvik

K. E. Steffens skal ha takk fordi han sende meg avprent av stykket sitt «Målrørsla og ropet på staten og hans 'Vergemaal'» i Målmannen nr. 4/2003. Steffens sine tilvisingar til boki mi um Henrik Krohn (2002), ser eg ikkje at det er noko å segja på so lenge me held oss til dokumentfaste opplysningar.

Ein annan ting er umdømingi av slike opplysningar. Her er eg ikkje viss på at Steffens og eg ser likt på alt. Det er, meiner eg, både rimeleg og legitimt at Vinje i 1868 vilde ha «Politikkens Blanding med Maalstrævet» og at målstrevet er ei makt som «Stortinget lyt merkja seg og taka under Statens Værgemaal». Henrik Krohn ordla seg i same leid. Til liks med teolog og folkehøgskulelærer Fritz Andersen som tok til ords i same leid i 1873, same året som Ivar Aasen kom med den norske ordboki si. Det er rett at eg hev ingen kritisk merknad til dette. Kven skulde syta for at målet fekk plass i skule og styringsverk um ikkje nett styremaktene og staten? Det var sjølvsagt desse maktene som måtte taka seg av denne oppgåva, soleis som det er dei som hev gjeve samisk eit visst rom i skulen i dag. Og det same vert gjort i andre land der det er fleire skriftmål, til dømes i Finland

med finlandssvensk og finsk, og i Storbritannia der walisisk og andre minoritetsmål hev fenge ein viss plass i skule og offentlig rom.

Noko heilt anna er inngrep frå statleg sida i sjølve målet, noko som kom med samnorskklina og den inntvinga målblandingi. Det er ingi oppgåva for stat og styremakter å leggja seg burt i målstrukturen eller fonologien, morfologien eller leksikografien, slik me såg det gjennom den lange målblandingsbolken på framimot hundrad år. Eg kjenner ikkje til maken i noko anna land.

Ja, det var etter mitt skyn ein legitim rett for staten å opna for Aasen sitt heimlege og norskrøtte skriftmål i skule og styringsverk. Ingen andre enn staten kunde gjera det. Av dette fylgjer ikkje at staten skulde ha rett eller legitimitet til å råda og rikja med sjølve målet og målbyggnaden. Det er tvo ulike oppgåvor, men Steffens ser kanskje onnorleis på dette. Like lite skynar eg at det skulde vera ei politisk oppgåva å tyna dei tvo skriftmåli som fanst i landet, på kvar si rot, og freista støypa dei mekanisk i hop til eitt. Der mislukkast staten fullkomeleg, men med syrgjelege fylgjer for nynorsken.

Å bruka ordet «imperialistisk» (rett nok i hermeteikn) um norsk målreising, tykkjer eg smakar av misbruk av ord. Framandordet imperialismen siktar på ein stats jag etter herredøme utetter, med verdsherredøme til yttergrensa. Noko slikt hev aldri vore knytt til målrørsla; målstriden stend millom tvo skriftmål i Norge, det eine målet på norsk (norrøn) rot, det andre på dansk. At nynorsken er det eigenlege nasjonalmålet, finst det både historiske og målslege grunnar for å hevda. Men skuldingi um at målfolk meinte det danske målet, deretter det norsk-danske, skulde tvingast ut demokratisk, er det lite underlag for. Tvert um skreiv Aasen so tidleg som 1836 i «Om vort Skriftsprog»: «Denne nye Sprogform skulde dog aldeles ikke paabydes eller paanødes, man skulde opmuntre til dens Brug, men ellers lade Enhver bruge den Nye eller Gamle efter eget Godbefindende.»

I hovudsak hev denne demokratiske synsmåten um fritt val lege under målreisingi. Men truleg er Steffens samd med meg i at den statlege samnorskpolitikken på viktuge punkt braut med dette grunnlaget.

Protestpip frå museal fagmann

Av Arne Torp

I Målmannen nr. 4/2003 har Anders Moe meldt boka *Vårt eget språk* (Aschehoug 2002), der mellom anna underskrivne har vore bidragsytar. Meldinga konkluderer – ikkje uventa – med at dette er «eit rot av ei bok frå eit museum av eit fagmiljø».

Som samnorskmann ville eg sjølvsagt vorte «betenkt», som det heiter på hovudmålet, om eg hadde fått altfor mange lovord i Målmannen, og det får eg då heller ikkje. Likevel er det ei skulding i meldinga som eg gjerne vil sjå betre prov for før eg godtek henne.

I artikkelen min hevdar eg mellom anna at «dei fleste [ser] på den noverande situasjonen med to målformer som eit provisorium, sjølv om ingen vågar å spå når og eventuelt korleis den skal avviklast». Dette kommenterer Anders Moe slik i ein parentes: «'Den'? Er det situasjonen som 'skal avviklast', og ikkje provisoriet? Torp hev jamt over problem med syntaksen.»

Nei, det er ikkje *situasjonen* som skal

avviklast, det er *situasjonen med to målformer!* Dersom Anders Moe er ukjend med at eit setningsledd kan bestå av meir enn eitt ord, og at eit pronomen derfor også kan stå i staden for meir enn eitt ord, då er det han, og ikkje eg, som har problem – om ikkje med syntaksen, så i alle fall med den syntaktiske analysen. Eg vil



Døme på museal fagmann

nok derfor helst sjå meir overtydande døme enn dette før eg godtek skuldinga om at eg «jamt over» skulle ha «problem med syntaksen.»

Gåvelista

Sidan fyrre gåvelista, som stod på prent i nr. 2/2003, hev Målmannen fenge gåvor frå desse lesarane:

Arne Amundgård, Lesja, 50
 Thoralf Bergwitz, Arendal, 50
 Torvid M. Edvardsen, Polen, 50
 Tor Guttu, Oslo, 50
 Ragnar Hove, Vik i Sogn, 50
 Arne-Ivar Kjerland, Hurum, 100
 Jostein Krokvik, Fiskåbygd, 200
 John Marhaug, Fyllingsdalen, 100
 Lars Bjarne Marøy, Kongsvinger, 200
 Bjarne Målsnes, Kokstad, 100
 Jørgen Vogt, Oslo, 50

**I alt 1000 kroner.
 Hjartans takk for gåvone!**

*Målmannen treng gåvor
 skal bladet tryggjast.*

Sosiolingvismen – mistydd sosialisme

Av Anders Moe

Er det mogelegt å meina at ein sosiolekt er rikare enn ein annan? At advokatar, politikarar og journalistar hev eit meir uttrykksfullt mål enn utstøytt innvandrardom, heroinistar og uteliggjarar? At målet er vênare i Telemark enn på Totn? På nordisk-institutt i landet hev ein ei meining um den saki. I kapitlet «Norske dialektar» i boki *Vårt eget språk* (Aschehoug 2002) konkluderer Helge Sandøy:

«I språkvitskapen reknar ein alle språk for likeverdige ettersom oppbygningen i alle språk gir vilkår for å uttrykke alle nyansar språkbrukarane har bruk for å uttrykke. [...] Dommar over språkutviklinga må derfor bygge på andre verdiar som ein tillegg språket, for eksempel den kulturelle eller politiske funksjonen som ein vil at språket skal ha. Oftast gjeld slike dommar *kven sitt* språk som skal få påstempla verdien 'korrekt'. Men språket som språk kan ein ikkje dømme kvalitativt. Det ein ofte gjer i staden, er å fordele dei språklege privilegia i samfunnet ujamt. Dei rådande vurderingane av ymse talemål er uttrykk for kven som har makt til å rekne seg som kulturelt overordna.» (s. 136).

Dette er openbert godt meint, men er det logisk? Målvitskapen er ikkje uppteken av å fella verdidomar um mål, men det fylgjer ikkje logisk av det at ein kann fella nett ein slik verdidom um at alle sosiolektar er likeverdige, og det fylgjer ikkje logisk av denne verdidomen åt Sandøy at alle som segjer at dei feller slike verdidomar, i røyndi dømmer folket.

Men ein tenkjer sosiolingvistisk på Nordisk institutt, her er Kjell Ivar Vannebo i same boki: «La oss da med en gang slå fast at hva som er *godt* og hva som er *dårlig* språk, er uavhengig av hvilken dialekt eller sosiolekt som blir brukt. Det finnes ingen språklige kriterier for at telemarksdialekten er bedre enn totendialekten, eller at vestkantspråket i Oslo er bedre enn østkantspråket. Når enkelte mennesker vurderer de første variantene som bedre enn de siste, henger det sammen med vurderinger av ikke-språklig art, blant annet av holdninger overfor dem som bruker språket.» (s. 100).

Norsk målføregransking byrja med Ivar Aasen, og hans utgangspunkt var at det gamalnorske målet livde vidare i bygdemåli. Han heldt difor bymåli utan-

for; der var ikkje stort å henta um det var norrønt måltø ein var på jakt etter. Men når Aasen hevdar at ein dialekt er 'god', 'fuldkommen' og 'ægte', medan ein annan er 'forvansket' og 'fordærvet', då er det nett språklege kriterium som ligg til grunn: eitt målføre hev halde i hevd mange norrøne ord, hitt hev opna for mykje lågtysk og hev mange mistydde latinske ord; nokre målføre hev former som ligg nære dei upphavlege, andre hev vore gjennom so mange ljodbrigde at ordi snaudt nok er attkjennande for utanbygdsfolk. So er det òg so at i nokre bygder gjeld det å tala minst mogeleg medan andre hev ein rik munnleg litteratur. Det ligg ingi svivyrding av toringane i å segja dette; det er språket som språk som vert dømt kvalitativt.

I Oslo kann ein med rette tala um sosiolektar, og det er ingen tvil um kva for gruppa som hev dei beste fyresetnadene for eit rikt mål; det er lettare på alle måtar å liva eit godt liv um du hev pengar, utdanning og kulturinstitusjonar kring deg på alle kantar. På austkanten er det billege husvære, det dreg til seg dei fatige – innvandrarar og narkomane med eit veikt sosialt nettverk rundt seg. Andre-generasjons innvandarborn som er lite støde i heimemålet, men som heller ikkje hev dei beste fyresetnadene for å verta gode i norsk, dei finst, og dei lid under si språklege hjelpesløysa.

Kor mykje skynar dei narkomane av paragrafane dei vert dømde etter? Kor godt maktar dei å leggja fram saki si? Det er mistydd sosialisme å hevda at dei ikkje hev nokon problem i det heile. Og kva hjelper det? Javel, so hev dei allra fategaste eit nett like presist og uttrykksfullt mål som domarar og advokatar. Når dei ikkje vert høyrde, er det berre av di dei hine er snobbute, ikkje av di det er eit objektivt faktum at dei vantar tekniske termar og juridisk forståing, må nytta banning i staden for argumentasjon og fær alle imot seg. Det er lett for Vannebo å taka moralskt fråstand frå slikt snobbete, det er ikkje han som må sitja inne ein månad ekstra av di han ikkje fær formidla sine «formildende omstendigheter», heller ikkje han som må betala for mykje i skatt av di han ikkje maktar å skriva ein søknad om «forhøyet minstefradragsgrense grunnet lav skatteevne».

Det er dette som er kjernen i det sosiolingvistiske prosjektet: «Måten vi

vurderer språket på, kan altså brukas til å undertrykke menneske, dvs. språkbrukarane. Men som andre maktmiddel kan språket òg brukas til oppreist. Når dei undertrykte ikkje lenger vil godta sin situasjon, kan dei avvise verdidomane og prøve å skape nye. [...] Innsikt i korleis den dialekten ein har, er eit fullstendig språk, kan styrke sjølvkjensla.» (Sandøy s. 102).

På Oslo aust i dag er dette å tru på jolenissen; skal ein «styrke sjølvkjensla» her, treng ein ikkje lause påstand um at kebabnorsk er «eit fullverdig språk»; det vilde hjelpa meir um ein berre slapp å koma so hjelpeslaust til kort i ein kvardag der storsamfundet krev kunnskapar i norsk-danskt riksmål.

No vel, men so tek Sandøy skarpt fråstand frå Aasen på sosiolingvistisk grunnlag. Kulturelle, historiske, nasjonale og pedagogiske omsyn finst ikkje; ein vurderer ikkje måli, men deim som talar, og alle menneskje er like gode. Kva for fylgjor fær dette for målgranskingi åt Sandøy?

For målføregranskingi: ingi i det heile. Utanum dei bolkane der han gjer greida for det sosiolingvistiske standpunktet sitt, fylgjer han det som hev vore det tradisjonelle opplegget, heilt attende til Aasen. Han skriv: «For utgangspunktet er at alle nordmenn for vel tusen år sia snakka nokså likt – eller i alle fall var dialektforskjellane i landet vårt så tidlig ein god del mindre.» (s. 129). So teiknar han dialektkart yver bygdemåli, og ser burt frå bymåli og den tala varianten av riksmålet. Soleis er dei sosiolingvistiske innleidings- og avslutningsbolkane berre dårleg integrerte i teksti som heilskap. Men i det han skriv um talemålsutvikling i vår tid, er nok framstillingi merkt av den sosiolingvistiske tankegangen.

«Korfor overlever lågstatusdialektane?» spyrr han i ei yverskrift på s. 134. «Når vi i dag får det talte skriftmålet heilt inn i fjernsynsstua vår, blir vi etter kvart så inderlig klar over kva noe heiter på standardmålet. Vi får ein god passiv kunnskap om dette språket. Men dét er ikkje det same som at vi er interesserte i å bruke det. Dei som står fram i fjernsynet, kan vi ikkje ha kontakt med, og vi har ikkje noen fellesskap med dei. Dei tilhører ikkje vårt nettverk, vår gruppe. Og derfor får desse påverknadskjeldene så lita kraft.» (s. 134–135).

Men er det utan vidare sant at lågstatusmåli yverliver? Sandøy fortel på s. 123 at kjenneteiknet på saltenmål er «apokope i svært mange bøyingsformer». Slik er det i dag berre gamle, fatige folk lengst utanfor folkeskikken som talar; det Sandøy hev definert som «saltenmål», hev låg status millom ungdomen og yverliver ikkje – jamvel um det er sant at folk ikkje utan vidare legg um til norsk-danskt riksmål. Nordnorsk hev jo ein heilt annan setningsmelodi enn austlandsk, so saltværingane kann ikkje so godt leggja heilt um; ein kann ikkje atterhaldslaust kalla riksmål med nordnorsk høgtone, slik Hermod Skånland talar, for «høgstatusmål». Men ein kann skjera noko ned på apokopebruken; det er då høgstatusmålet i Salten i våre dagar. Det er ikkje so ein-

felt som at heimemålet stend imot riksmålet; det er meir enn tvo trinn på denne stigen.

Sandøy vil ikkje vera med på at dei norske målføri er under massiv påverknad frå rikstalemålet; det som gjeng fyre seg, er regionalisering. På Austlandet hev det «utvikla seg eit språk som gjerne blir omtalt som *standardaustlandsk*, og som ein kan møte i same form i dei fleste byar og på mange tettstader» (s. 135). Men denne «standardaustlandsk» er jo i røyndi nett same målet som «standardspråket» og «det talte skriftmålet!» Og for folk rundt Oslofjorden er det ikkje vandt å leggja um frå desse minst vyrde målføri i landet til riksmål; tonelaget er det same. Du treng ikkje eingong leggja heilt um, um du ynskjer å framstå som

folkeleg. I Austfold hev nok eit fyrkrigsdialektkart heller lite med røyndomen å gjera i dag. Det kjem ikkje ei tradisjonell målføregransking ved; ho granskar dei norskrotte målføri, og held norsk-dansk og andre mål i området utanfyre. Eit sosiolingvistisk kart derimot, skulde sét heilt onnorleis ut.

Sandøy kallar alt anna enn «standardspråket» for «lågstatusmål», men Noreg i dag er millomklassedominert. Sosiolingvismen byggjer soleis ikkje berre på ein rang fyresetnad um at alle sosiolektar er like bra, anten dei er dyrka og hev eit rikt ordtilfang og ein væn grammatisk bygnad eller ikkje. Han er jamvel irrelevant i stoda i dag.

Låttvekkjande og tragisk frå ein statsteknokrat

Av Lars Bjarne Marøy

Helge Omdal:

Språknomering – med mål i sikte?

Om ymse effekter av norsk språknormering i 100 år

Høyskoleforlaget 2004. 135 sidor

Boki *Språknormering – med mål i sikte?* av Helge Omdal dumpa ein dag ned i postkassen til denne meldaren. Boki burde interessera meg i og med at eg er norsklærer og årleg rettar ei rad elevarbeid, men likevel må det segjast at det er lite som er serleg uppsiktsvekkjande i denne boki. Den beste grunnen til i det heile å umtala henne er truleg nokre av dei mest bastante påstandi Omdal set fram. Sume av dei gjer boki beint fram humoristisk. Omdal stend i nokre av utsegnene fram som ein ekstrem statsteknokrat frå Gerhardsen-perioden.

Målet for boki er noko uklårt formulert, men kann vel med ein viss godvilje segjast å vera å påvisa at norsk språknormering ikkje hev fungert etter fyremålet. Det er noko alle forskarar og målpolitisk medvitne menneske i Noreg kann slutta seg til. Omdal peikar på at systemet med hovud- og sideformer i rettskrivingi snøgt fører til mange tilfløkjingar. Skuleelevar kann fritt bruka av alle sideformene som er lista upp i ordlistone, men dei statstilsette må halda seg til læreboknormalen. Det tyder at folk som fær arbeid i staten, vert pålagde å fylgja ei rettskriving dei aldri hev lært å skriva.

Dette er ikkje noko nytt poeng, men eit tilhøve som Omdal hev peika på i mange år. For Omdal er det prinsipielt

interessant av di han sjølv nyttar ei form for radikalt bokmål som elles er lite utbreidd og påansa. Omdal tonar flagg og ynskjer at folk skal kunna nytta radikalt bokmål. Ei rad gonger viser han til at ein elev som hadde nytta radikalt bokmål til eksamen, hadde fenge dårleg karakter med grunngjeving i rettskrivingvalet.

Den målpolitiske eldhugen åt Omdal bryt laus med patos på s. 107. Då hev han slege fast at lærarane ikkje kjenner til alle vali i rettskrivingi eller rettar subjektivt. Dette inntrykket meiner han å få styrkt av ein lærar som uttalar at han råder elevane frå å blanda radikale og konservative former i rettskrivingi av di det fører til stilbrot. Omdal hevdar at denne språklege rådgjevingi er i strid med det Norsk språkråd og departementet hev tenkt seg, «og heller ikke er i samsvar med forutsetningene for prinsippa om valgfrihet i rettskrivinga». Dette er reine påstand frå Omdal; noko handfast hev han ikkje å visa til. Like vel er det sterke ytringar med moralske fordømingar av lærarstandet som fylgjer på bakgrunn av dei tenkte prinsippi og fyresetnadene: «På elevenes vegne må en bare beklage at et system som velmeinende språknormeringsmyndigheter har vedtatt – antakelig [!] i den hensikt å lette språkinnlæringa i morsmålet og å gi elevene muligheten for å finne fram til sin egen personlige språklige varietet – kan resultere i at elever straffes karaktermessig for at de tar de offisielt godkjente ordlistene på alvor. I så måte fungerer ikke norsk språknormering etter sin hensikt. Og det er

ikke først og fremst elevenes feil.»

Det er låttvekkjande at Omdal kann blåsa seg slik upp. Det er vel knapt nokon bokmåselev som hev noko ynskje um å skriva slik Omdal gjer, med nynorske tviljodar og fullt av a-endingar, og dei elevane det måtte gjelda, øydelegg snaudt karakteren sin på rettskrivingi dersom dei elles hev noko å fara med. Det er i alle fall ingen nasjonal katastrofe det her er tale um. Men Omdal tek upp att dette med at elevar kann få dårlegare karakter i norsk på grunn av rettskrivingi eit utal gonger.

Omdal er arg på dei rådi som lærarane gjev elevane um å halda seg anten til radikale eller konservative former. Men kva er so viktugt med å kunna blanda former etter som det høver for den ein-skilde? Det er eit interessant spursmål, for Omdal hev ikkje noko handfast å visa til når han på s. 105 argumenterar for å blanda ulike former vilkårleg. Han segjer at det er uråd, jamvel um ein studerar eit breidt utval av norske tekster, å finna ut «hva slags endinger og former som ‘hører sammen’ i bestemte stillag eller langs skalaen konservativt-radikalt språk». Den som er på jakt etter noko slikt «vil garantert ikke finne noe ‘implikasjonsmønster’ etter sosiolingvistisk modell». Og Omdal held fram: «Det er nok snarere ei misforstått språkriktighetsoppfatning som ligger til grunn for den tilsynelatende utbredte rettinga og rådgivinga blant lærerne på dette området.» Dette høyrest ut som reine oppdragsforskningi der konklusjonen jamvel er dregen på

fyrehand. Heldigvis hev ikkje arbeidsgjevaren økonomisk makt til å diktera rettskrivingsnormalar for store tekstprodusentar, men Omdal kann kanskje greida å setja nokre uskuldige hovudfagsstudentar i gang med å produsera hovudoppgåvor med ferdige konklusjonar. Studentane burde átvarast.

Det er tydeleg at Omdal hev gjort seg upp ei meining um at det er ynskjeleg å blanda former og bøygingssendingar vilkårleg i rettskrivingi, at dette er sers viktugt for norske skuleelevar og at det er noko som alle gode krefter med Språkrådet og departementet i spissen må få banka igjennom. Det er med andre ord den velkjende samnorsktanken som kjem i reprise. For bokmålet sin del kann ein slå fast fylgjande: Dei radikale formene i lærebøkene frå 1917 vart røysta ut i god tid fyre 1938-rettskrivingi, likeins vart dei radikale formene av 1938 sette til side gjennom riksmålsreaksjonen i 1950-åri, og dei konservative formene er so godt som einrådande i norske medium i dag, jamvel i skulebøker. Nynorsken for sin part hev langt på veg konsolidert seg

kring ein midtstraumsnynorsk. Omdal på si sida vil tvinga inn *-er* i presens av sterke verb (*skriver*) og er ein varm tilhengjar av etterfestet *-lig* i nynorsk. Jamvel i-målet slær han eit slag for.

Omdal hev med andre ord veritable vanskar å handskast med. Korleis vil han gå fram? Omdal segjer at Språkrådet hev trutt at jobben var gjort når dei hadde offentleggjort nye rettskrivingsvedtak. Men Omdal slær fast at her må det «utvilsomt sterkere lut til dersom en ønsker at normeringa skal få gjennomslag». Han meiner at det må setjast i gang ein «målretta og svært variert informasjonskampanje». Det er serskilt viktugt «siden en må konkurrere med så mye annen informasjon og reklame i dagens informasjonssamfunn» (s. 115).

Det skulen altso ikkje greider gjennom eit utal norsktimar i 13 år, skal Omdal greida gjennom informasjonskampanjar.

Men Omdal hev òg eit anna perspektiv på arbeidet. Han viser til at den nye teljemåten enno ikkje hev slege gjennom etter 50 år, og slær indignert fast at «[e]ffektene og virkningene – og ikke

minst gjennomføringstempoet – er ganske annerledes når Finansdepartementet fastsetter endringer i reglene for skattefradrag enn når Kulturdepartementet fastsetter nye offisielle språknormer» (s. 116). Her gjeng det komiske yver i det tragiske hjå Omdal. Språket vårt som me hev odla gjennom ættleder skal reduserast til og samanliknast med korleis skatten vår vert rekna ut. Dette er toppen av materialistisk og teknokratisk tankegods. Samnorskvenen Omdal kann ikkje vera glad i målet sitt når han vil gjennomføra endringar i det etter mynster frå skattereglane. Det er godt å vita at det finst andre disiplinær i norskfaget som er langt viktigare enn dei Omdal tek upp. Det er likeins godt å vita at denne mannen ikkje hev dikatorisk makt yver språknormeringi her i landet, for då hadde han neppe skytt noko middel for å få gjennomslag for meiningane sine.

Det beste med denne boki er at ho gjev meg ein god lått fyre ho vert heilt tragikomisk. Boki er tilrådd som tidtrøytehumor for høgnorsklynde lesarar.

Styret i Opedalsfondet oppsummerer Kritikarane hev laga sin eigen strid

Målmannen hev fenge tilgang til årsmeldingi frå Halldor O. Opedals fond, som det no ligg fyre eit utkast til. Lesarane hev nok merkt seg at det hev vorte skrivne eitt og anna um fondet i det siste. Me tek difor med fondsstyret sin versjon av saki.

Skrivaren vitra på styremøtet 16. august 2003 um at han hadde havt mykje arbeid i tilknytning til å fylgja upp presseutspel frå Norsk Måldyrkingslag og Vestmannalaget. Bergens Tidende hadde til slutt teke inn ein versjon av saki som fondsstyret kunde identifisera seg med. Formannen og skrivaren meinte det burde reisast krav um skadebot andsynes Bokreidingslaget for urimelege og grunnlause skuldingar. Styresmennene tok elles saki til vitring.

«Styret i Opedalsfondet hev laga til so mykje strid, usemja og ugreda i si styringstid at styret manglar allmenn og grunnleggjande tillit og legitimitet for verksemd», hevda Arne Gjeraker på vegner av styret i Norsk Måldyrkingslag i eit brev til fondet.

Fondsstyret vil segja tvo ting til dette: For det fyrste: Fondet hev lagt vinn på

å fylgja fyresegnene. Det hev millom anna ført med seg at me hev nektat å godtaka styresmenn yver 75 år. Fleire gonger hev me vorte kritiserte for at me nektar å godtaka styresmenn som er yver 75 år. Dette kann ikkje segjast å vera upplegg til strid, same um Norsk Måldyrkingslag og Vestmannalaget gjer sitt beste for å laga strid gjennom å senda brev til fondet, til Fylkesmannen og ved å gå til avisone. Utyver dette hev ikkje Norsk Måldyrkingslag kome med serlege innspel til fondsarbeidet og hev heller ikkje svara på brev.

For det andre: Norsk Måldyrkingslag og Vestmannalaget hev engasjert seg i høve til løyvingane og vilkår knytte til desse løyvingane som fondsstyret hev gjort. Dette hev ikkje desse lagi noko med. Fondsstyret med sine styresmenn er suverent til å gjera løyvingar og til å setja vilkår ved løyvingar. Måldyrkingslaget hevdar jamvel at me hev sett boikott av all bokutgjeving i regi av Norsk Bokreidingslag. Me hev ikkje blanda oss inn i drifti til Norsk Bokreidingslag, men bede um å få klårlagt tilhøve kring vilkår som var knytte til ei løyving, noko me diverre ikkje hev greidt.

Styret i Måldyrkingslaget segjer seg leid for at det er uturvande strid i fondet og at dette kjem til kjenne gjennom at visse personar tydelegvis nyttar pressa til å spreida synspunkti sine. I fondsstyret hev det vore lite usemja. Alle styresakene hev vore samrøystes fram til styremøte i fondet 13. desember 2003.

Fondsstyret hev fleire gonger merkt seg at einskildpersonar i kringværet til Vestmannalaget hev gjenge til pressa med harde utfall mot fondsstyret. Fondsstyret hev sume gonger freista å taka til motmæle og forsvara fondsstyret, men hev ikkje kome med usaklege utfall mot valagi i pressa.

Mynsteret i utspeli frå Vestmannalaget og andre er at ein fyrst vender seg til fondsstyret med påstandar som vert tilbakeviste i lange og grundigt underbygde brev, so gjeng ein til Fylkesmannen og til pressa. Dette er gjennomgåande. Me kann ikkje sjå at Norsk Måldyrkingslag eller Vestmannalaget er tente med dette, heller ikkje målsaki. Men me hev naturlegvis ikkje kunna hindra lagi i å gjera dette. Me vil på det sterkaste segja oss usamde i at me på nokon medviten måte hev skapt strid.

Ragnvald Skrede – eit serleg forvitneleg biografisk objekt

Av Knut Egil Steffens

Otto Hageberg:

Svidd sjel. Ein biografi om Ragnvald Skrede

Det Norske Samlaget 2003. 495 sidor


Otto Hageberg såg noko undrande på meg då eg i lunsjpausen på eit seminar i Oslo for få år sidan utan vidare identifiserte det biografiske objektet hans, som han anonymt hadde kome inn på i diskusjonen etter eit av fyredraga. Det var litteraten Amund Høningstad som, visstnok i ein samtale med meg ein gong på 1960-talet, hadde nemnt Ragnvald Skrede i samband med brotsverk og straff, og no er den fylluge og veldokumenterte biografien som Hageberg hev arbeidd med i fleire år, komen.

Det som gjer Skrede serleg forvitneleg som biografisk objekt, er at denne gåverike mannen i 1936 vart dømd og straffa for seksuelle handlingar andsynes gjenter han hadde vore lærar for på ein skule i Vågå, og so etter krigen gjorde karriere som kritikar og lyrikar. På baa «omkverve» fekk han mykje publisitet, men krigen kom imillom, han tagde sjølv om saka, og det gjorde dei som kjende til og hugsa henne òg so effektivt at det kom som eit lite sjokk på Hageberg då han tilfeldig las om henne i ei avis frå før krigen.

Ekstra forvitneleg vert emnet når ein vert merksam på at det hadde vore to tidlegare Skrede-saker med mykje og breid publisitet. Den fyrste i 1896–97 dreia seg om det vanskelege tilhøvet millom foreldra åt Ragnvald og dei fem syskena hans. Mora vart ei tid tvangsinnlagd på Gaustad, og det enda med skilsmål. Andre gongen Skrede-namnet fekk offentleg merksemd, var i 1924, då ein eldre bror vart dømd for eit brutalt seksualdrap. Kjennskap til desse sakene låg som ein «undertekst» hjå dei som vurderte den tredje saka: Var der ikkje noko erveleg sjukt ved Ragnvald Skrede, som dreiv honom til vitlaus og sjølvøydeleggjande åtferd?

Sjølv nekta han alt, bortsett frå eitt punkt: han hadde gjeve elevane i ei avgangsklasse seksualundervisning, noko han var nærmast byrg av. Elles forklåra han skuldingane som vondkyndt sladder motivert av folk i bygda som mislikte bakgrunnen og suksessen hans.

Hadde han rett, var det erotiske fantasiar hjå unge gjenter og vonsvikne



Ragnvald Skrede

ambisjonar hjå konkurrentar i bygdemiljøet som låg attom skuldingane?

Hageberg hev stor respekt og godhug for både mannen og forfattaren Ragnvald Skrede, og det ville vera rart om ikkje denne sympatien i nokon grad farga framstillinga hans. Inntrykket mitt er at han vedgjeng at Skredes seksualundervisning var sers uklok åtferd og elles held skuldspursmålet «ope» i den tydinga at lesaren tolleg lett kan fyrestella seg at erotisk fantasi saman med krenkte ambisjonar og misunning låg attom skuldingane.¹

Visse på dette omkvervet er truleg vonlaust strev i dag, medan den framgangsrike karrieren til Skrede i etterkrigstida er ein klår og greid del av det biografiske «landskapet». Han var fyrst nokre år i Verdens Gang, og so frå 1953 til 1967 i Dagbladet, og Hageberg prentar den imponerende lista over dei ca. 2000 bokmeldingane hans, bygd på Skredes eige arkiv.

Skrede var velskula (han hadde eksamen i soge og latin og fyrebuande prøve i gresk før rettsaka), og vart etter kvart imponerende velorientert når det galdt både eldre og ny, norsk og framand, litteratur, som han verdsette «usekterisk» i den tydinga at han hadde eit balansert syn på litterære straumar og motar. Han var bilingval og skreiv like god prosa på baa mål, men hjartespråket hans var nok nynorsk, som han nytta i dei tolv diktsamlingane han gav ut. Det vert nemnt at han var med i Norsk språkråd, og det er litt forunderleg at Hageberg ikkje skriv noko om målsynet hans – korleis han til dømes stelte seg til det statleg organiserte arbeidet for samnorsk og atterslaget som kom med riksmålsreaksjonen. At han

sette André Bjerke høgt som lyrikar, og Øverland òg, er døme på det romslege litterære synet hans, som ikkje ser ut til å vera farga av det standpunktet dei tok til samnorsk-strevet.

Skredes liv i etterkrigstida er ikkje på noko vis «spanande». Her er ingen sidesprang og skandalar, kanskje vel mykje alkohol til tider, men elles er det tale om ein høgt respektert kritikar og lyrikar, som etter kvart færre og færre «visste» og fortalde noko om.

Men som Hageberg peikar på, er der ein undertekst i lyrikken hans som syner at han aldri kunne leggja rettssaka, domen og straffa bak seg. Endå om Hageberg vart so å segja «immunisert» mot den historisk-biografiske tilnærminga, som meir og meir miste grepet sitt ved Universitetet i Oslo då han var student, vedgjeng han at ei slik tilnærming er ein opnande og forklårande «lykel» til ikkje so få av dikta og motiva åt Skrede.

At all diktning er merkt av «livet» (i vid tyding) til forfattaren, er so sjølv sagt at ein må vera doktrinært blind og galen for å kunna nekta det. Men diktning av kvalitet, diktning som «overlever» tida og omstenda då ho vart til, er òg ein funksjon av skapande fantasi og givnad, med eitt ord genialitet, og det er her den historisk-biografiske metoden hev svikta. Han vart altfor ofte reduserande turr og keidsam, bygd som han var på eit menneskesyn som i siste instans ville redusera alt åndsliv til historiske vilkår og nevrofysiologiske prosessar.

Men genialitet er ikkje eit permanent hugdrag, eller for å segja det enkelt: eit geni er ikkje genialt heile tida og kan produsera mykje som berre er talentfullt. Og at ein talentfull diktar stundom kan tangera det geniale, er der mange døme på, men eg kan ikkje sjå at det gjeld Skrede, då å døma etter det utvalet på 50 dikt som Hageberg gav ut i 2002 (*Vintersvale*, Det Norske Samlaget).

Her er gode dikt, sume som «Gamal viking» (sjå framsida) vil nok få plass i framtidige antologiar og utval, og når ein no kjenner livssoga åt Skrede, er det klårt at ein les honom med serleg forvitne og merksemd. Men mitt inntrykk er at han stort sett er best der han er minst merkt av dramatikken i sitt eige liv og at det er lite sannsynleg at me nokon gong vil få ei samla utgåve av Skredes lyrikk.

Konkluderande vil eg segja at Hage-

berg hev skrive ei både opplysende og forvitneleg bok om ein rikt utrusta mann som trass i vonde og vanskelege røymsler og omstende langt på veg fekk realisert evnene og ambisjonane sine. Jamn og greid sakprosa, fyllug dokumentasjon og ingen tyngjande litterær og psykologisk teori gjer at boka er lesarvenleg, men utan at det gjeng ut over det fagleg respektable. Sume stader kunne framstillinga ha vore stramare, og ein kunne ynskt at det sikkert rette påstandet om Skredes status som ein i A-laget av kritikarar vart eksemplifisert med karakteristikk og omdøming av andre som soleis

merkte seg ut i dei fyrste tiåra etter krig.

Der er vél mange misprent i boka, og ho er «sprita» opp med fire fotografi og omtale av Jonas Lie og Sverre Riisnæs, som hadde viktige roller i saka mot Skrede, men seinare gjorde seg famøse som ministrar under Quisling. Dette er om lag like sakleg og juridisk relevant som å påstå at karakteren og livslauget mitt er merkt av at eg visstnok gjennom farfar min hev eit fjernt anefelleskap med desse karane og burde berre ha vore nemnt i ein «krydrande» note. Med omsyn til intelligens, utdanning og fagleg

kompetanse var der snaudt fleire undermålarar i Nasjonal Samling enn i andre parti, og at ein person på mange omkverve kan syna heilt normal dømekraft, men samstundes vera politisk og ideologisk fortulla, er der tallause døme på.

Note

Her hadde det kanskje vore naturleg å nemna Bjugn-saka og falskt-minne-syndromet, som i det siste og serleg i Sambandsstatane hev fenge mykje merksemd. Men emnet er innfløkt, og det er lett å trakka feil og parallellisera seg ut i eit uføre, og det er truleg klokt av Hageberg å styra undan dette minefeltet.

Storverk um retorikk i prydeleg setningsbygnad

av Lars Bjarne Marøy

Quintilian:

Institutio Oratoria. Opplæring av talaren
Bok I–III


Umsett av Hermund Slaattelid

Det Norske Samlaget 2004. 238 sider

Etter at eg hev lese *Institutio Oratoria I–III* av Quintilian i Hermund Slaattelids umsetjing, fell det meg heilt naturleg å innleida denne bokmeldingi med sjølve målbruken til umsetjaren. Det er eit namn som fell meg i hug meir enn noko i so måte: Det er Nikolaus Gjelsvik. Hermund Slaattelid set um frå latin, men den skal leita lenge i denne boki som skal finna setningsbygnad som ikkje Gjelsvik hadde gjenge god for. Det segjer noko um arbeidsinnsatsen og målhegdi til Slaattelid. Jamvel ein puristisk lesar fær bera yver med e-infinitiv og nokre anbeheitel-sar her og der. Dette er ei bok for dei som vil lesa godt norskt mål.

Kven er so forfattaren? Quintilian var statslønt lærar i retorikk, og trente mange framstående menn til å verta kunnige i faget. Han underviste og skreiv bøker um talekunst i det fyrste hundradåret etter Kristus. Quintilian vart påskyna på fleire måtar i samtidi. Han fekk ærestittelen konsul utan å måtta ta på seg dei pliktene som fylgde med. Keisar Domitian utnemnde han òg til privatlærar for tvo unge slektningar som han tenkte skulde få ein framskoten plass i arverekkjefylgja. Quintilian fungerte dessutan som advokat. Røymslone frå arbeidet som advokat og lærar var mange.

Kva er so dette for ei bok? Sjelve den læreboki Quintilian skreiv, var i tolv bøker, men Slaattelid hev valt ut dei tri fyrste. Verket til Quintilian hev havt stor innverknad frå den romerske keisartidi og



Umsetjaren Hermund Slaattelid

Foto: Mari J. Slaattelid

heilt fram til 1800-talet. Augustin las Quintilian. I millomaldaren kalla teologane Quintilian for den gjæve læraren. Islandske sokeskrivarar kjende brotstykkje av verket til Quintilian. For Luther og motmennene hans under reformasjonen var Quintilians retorikk ei grunnbok. I Danmark og Noreg låg Quintilians retorikk til grunn for opplæring i offentleg språkbruk fram til 1850-åri.

Skal eg koma med ei samla nemning på kva boki tek, burtsett frå at ho er ei lærebok i retorikk, vil eg segja at ho legg fram mange nyttige refleksjonar kring yrkespraksisen til lærarar og advokatar. Trass i at det berre er tri av dei tolv bøkene som er umsette, er det nok av lærdomar å taka av både for pedagogar og rettslærde.

Quintilian hev som grunnlag at menneskja er i stand til å tenkja og å læra snøgt frå naturi si sida. Dei som set von til borni sine um at dei skal læra mykje,

kann ikkje skulda på naturi. Um borni ikkje lærer, so er det uppsedingi som sviktar. Soleis er det viktugt å gjeva folk god opplæring alt frå fyrste stund av. Dei beste lærarane må koma inn tidleg, jamvel ammone må vera so taleføre som råd. Filosofien gjeng ut på at alle er byrge av det dei hev lært og fåe vil gjera um på og læra av seg noko dei hev lært. Dersom borni hev ringe lærarar dei fyrste åri, må dei lærarane som kjem etter retta på alt det range dei ev. hev lært. I samtidi var det ein lærar som tok dobbel betaling for elevar som hadde havt ringe lærarar, medan dei som var nybyrjarar fekk greida seg med den vanlege betalingi. Kunnige lærarar må soleis verdsetjast høgt etter Quintilian.

Men kva so med dårlege lærarar, som det vel finst nok av? Ukunnige lærarar skal vita at dei ikkje er lærde, segjer Quintilian. Det verste ein kann tenkja seg, er lærarar som trur dei er kunnige når dei i røyndi er nybyrjarar i faget. Slike lærarar vil verta sure når dei må gjeva gjerningi si yver til andre, og dei kann koma til å hamra inn dårlege vanar og ukunnigskap hjå elevane sine. Quintilian er vis med at han steller strenge krav til lærarane, men han slær fast at «[d]ersom nokon synest at eg krev mykje, så lat han kome i hug at det gjeld å utdanne ein talar, ei vanskeleg sak sjølv når ingenting manglar i opplæringa av han, og at mange og meir krevjande oppgåver står att. For det trengst både vedvarande flid, fyrsteklasses lærarar og ei stor mengd fagleg kunnskap» (s. 57).

Quintilian legg stor vekt på litteraturen. Det krevst sers god talekunst å greida ut på ein råkande og innhaldsrik måte um litteraturen og litterære verk.

Dei som spottar faget som ringt og skrint, bør ikkje tolast, seier Quintilian. Det er viktugt å leggja eit godt grunnlag for den framtidige talaren, um ikkje fell alt i grus. Litteraturen er naudsynt for ungdomen, ei gleda for alderdomen, ein kjær fylgjesvein i einsame stunder, og litteraturen er det einaste faget som yter meir enn det lovar, seier Quintilian.

Til dei som meiner at ymse fag kann vera unyttige for ein talar, hev Quintilian nokre pauli ord å segja: «... når lærarar utdannar ein vismann som skal bli fullkommen på alle måtar og mest som ein dødeleg gud, som dei seier, så meiner dei at han ikkje berre må undervisast i kunnskap om himmellekamane og i det som høyrer den forgjengelege verda til, men gjev han òg innføring i slikt som sanneleg er etter måten trivielt ... fordi han ikkje skal ta i miss sjølv i dei ringaste filleting.»

Fag som mattematikk og musikk vart lasta for å ikkje gjeva slike kunnskapar som ein talar trong. Quintilian slær fast at korkje mattelæraren eller musikk læraren vil kunna gjera nokon til ein god talar, og heller ikkje andre faglærarar som kunde leggjast til. Men desse fagi kann yta sitt til at talaren vert fullkomen.

Quintilian set Cicero høgt, og idealet til Cicero stig fram i det fylgjande: «Av oss blir ikkje ein slik talar opplært som finst eller har funnest, men vi har danna oss eit indre bilete av ein talar som på alle vis er fullkomen.» (s. 80–82). Det er med denne mælestaven Quintilian gjeng fram

når han argumenterar for ålmennkunnskapen.

Når det gjeld kunnskapsnivå, finst det elementære emne og vanskelege emne. Quintilian gjeng mot dei som meiner at gode lærarar ikkje bør undervisa i elementære emne. Han feller ein hard dom yver dei som meiner so: «Eg for min del derimot reknar ikkje han med mellom lærarar i det heile som er uvillig til å gjere dette [d.e. undervisa i elementære emne], og eg påstår at dei mest dugande i høgste grad vil vere i stand til det dersom dei vil, for det fyrste fordi det er truleg at han som står framom andre i talekunst, han har òg mest omhugsamt eigna til seg dei ting som gjer ein ordhag. Dessutan fordi det mest grunnleggjande prinsippet har mest å seie når det gjeld læring, og dette har den best utdanna tileigna seg grundigast. Endeleg er det slik at ingen merkjer seg ut i store saker dersom han ikkje duger i dei små.»

Quintilian tek nøgje fyre seg dei fyremunene det er å vera ein kunnig talar. Han jamfører den ukunnige talaren med den ukunnige gladiatoren eller brytaren som kastar seg inn i striden utan tanke for teknikk. Den ukunnige talaren hev ikkje lært seg til å gjera talen sin velskipa. Eit emne som er velskipa, verkar lettare å gripa enn eit emne som er strøytt vilkårlig ut. Den ulærde kann tykkjast å ha rikare stofftilfang, for dei tek med alt, medan dei kunnige vel ut og held måte på det stoffet han tek med. Og Quintilian slær fast: «Om det er nokon regel ein støtt

bør fylgje, så er det at ein skal tykkje best om både å vere og å synast måtehalden.» (s. 132).

Dette er berre nokre smakebitar på visdomen i boki, kanskje ikkje ein gong dei beste ein kann plukka fram. For heile boki er eit rikt forråds-kammer av visdom. Men innleiingi til Georg Johannesen stend i ein klasse for seg sjølv. Ikkje nok med at forlaget hev pryda umslaget med ei teikning og laga boki i stive permar. Innleiingi ber òg bod um kvaliteten i verket. Johannesen viser til at det lenge var ein kappestrid millom riksmålsrørsla og målrørsla um kven som kunde setja um flest klassiske bokverk. Når Slaattelid no hev gjeve ut fire bøker med bakgrunn i klassiske tema, er «den vakre kappestriden» livna til att, meiner Johannesen.

Best er Johannesen definitivt til slutt når han slær fast fylgjande: «Med Hermund Slaattelid er Voss 2004 kommet på høyden med København i 1804. Jeg synes en oversetter som Hermund Slaattelid bør belønnes med en bompengering. Milliarder bør overføres fra biler, broer og tunneller til skriftlig og muntlig kommunikasjon av smak, dannelse og dømmekraft. Mitt usle bidrag er å gi bort det foreslåtte honorar for dette forordet til utdeling av Cicero og Quintilian neste fredag i statsråd. PS. Jeg håper den ærede Valgerd Svarstad Haugland kommer til å lese mine tre siste setninger.»

Med dette er denne boki tilrådd på det varmaste både av Johannesen og meg. God lesnad.

Ivar Aasen-sambandet nedlagt på grunn av tillitsmannskrisa

Denne pressemeldingi vart send ut etter at Ivar Aasen-sambandet hadde vorte formelt nedlagt 17. april 2004.

Det er ikkje kvar dag at ein opplever at nokon held årsmøte i eit lag som er nedlagt. Lag kann sume tider verta nedlagde ved at arbeidet i lagi stoggar. Det vil segja at fyremålet til laget vert uaktuelt eller at det vert uråd å samla folk kring å fremja eit fyremål.

Ivar Aasen-sambandet hev vore landssamskipnaden for dei som hev studt upp um dei prinsippi som Ivar Aasen fylgde då han laga nynorsken. Sambandet vart skipa i 1965, og fyremålet var millom anna å verja og dyrka det norske målet på heimleg norsk og norrøn grunn i samhøve med verket åt Ivar Aasen. Vidare heitte det at laget skulde «trottugt arbeida for at det [det norske målet] til

kvar tid og på alle umkverve kann vera ein fullgod ordleidingsreidskap for nordmenn».

I dag hev Ivar Aasen-sambandet vorte lama av indre strid. Styret i laget kalla inn til årsmøte i Bergen 17. april. På dette årsmøtet vart det vedteke å løysa upp laget.

I vedtaket heiter det millom anna:

«Ivar Aasen-sambandet var samla til årsmøte 17.4.2004. Ingen på dette årsmøtet vilde taka på seg å sitja i styret. Årsmøtet vedtok difor å løysa upp laget. [...] Eiga i samskipnaden vert yverført til Haldor O. Opedals fond etter at kostnadene til årsmøtet er dregne frå.»

Eit mindretal i styret hadde på fyrehand nekta å godtaka at styret skulde kalla inn til årsmøte. Ingen av dei som styd mindretalet møtte som utsendingar på årsmøtet i laget. Dei meiner derimot at

dei skal halda årsmøte i laget 24. april. Det er soleis eit oppløyst lag mindretalet no vil halda årsmøte i.

Det høver godt, for dei som hev kalla inn til årsmøtet, vantar formelt grunnlag for det. Eit mindretal kann ikkje yverprøva den kompetansen som ligg til styret når det gjeld å kalla inn til årsmøte. Mindretalet hev kalla inn lag og lagsmenn som ikkje stettar vilkåri for å vera med i Ivar Aasen-sambandet. I tillegg vil mindretalet som kallar inn til det ulovlege årsmøtet brigda lovene i laget og setja upp ei lovnemnd. Det er soleis i realiteten ei rein nyskiping av eit lag som skal gå fyre seg. Laget kann kanskje med ein viss rett kalla seg Ivar Aasen-sambandet av 2004. Det er likevel eit heilt nytt lag samanlikna med det Ivar Aasen-sambandet som vart skipa i 1965.

Tvo uvanlege kvinnor

Av Tore Lund

Teresa av Avila:

Boken om mitt liv

Umsett av Olaug Berdal

(Thorleif Dahls kulturbibliotek)

Aschehoug 2003. 388 sidor

Ingeborg Solbrekken:

Stemmen. Kirsten Flagstad.

Verdensstjerne og sydebukk

Genesis forlag 2003. 483 sidor

Dette er tvo bøker um tvo sers ulike kvinneskapaner, skilde frå kvarandre med eit tidsfråstand på mest 400 år. Men kann henda hev dei like vel nokon ting sams?

Teresa av Avila

Når ein ser burt frå Cervantes' *Don Quijote*, skal *Boken om mitt liv* av Teresa av Avila vera den meste lesne boki på spansk gjennom tidene. Men ei bok som er so gjennomsyrd av katolsk klostermystikk, kann nok ikkje rekna med å uppnå nokor tilsvarande namnfrægd i Noreg av i dag.

Kven er so denne Teresa? Ho livde på 1500-talet og vert i dag rekna for ein av dei største mystikarane i Spania. Men ho var òg aktiv i det praktiske livet, millom anna grunnlagde ho fleire klostersonfund. Ho vart kanonisert i 1622, og so seint som i 1970 nemnde paven henne ut til den fyrste kvinnelege kyrkjelæraren, «*Doctora de la Iglesia*».

Ho var intelligent og fager, og difor vart ho sterkt umsverma, men tjuge år gamal gjekk ho i kloster. Her sat ho i cella si og skreiv ei lang rad bøker og mindre skrifter, dessutan meir enn 1400 brev. *Boken om mitt liv* er like vel ikkje nokon sjølvbiografi i vanleg meining av ordet. I røyndi er det ei teologisk avhandling forklædd som biografi.

Teresa hadde stødt visjonar og openberringar, og i ekstatiske kjenslerusar upplivde ho det som at ho vart førd av stad, ikkje berre til dei himmelske regionar, men likeins til helheimen. Fleire gonger lyfte likamen hennar seg bokstavelig tala upp i lufti, trass i at dei som stod omkring henne freista å halda henne nede. Sjølv totte ho det var flautt når dette av og til hende beint framfyre augo på ålmenta.

Det var under slike umstende at Herren gav henne innsyn i dei himmelske løyndomane, og størsteparten av boki er då òg ei detaljert framstilling av dei ulike

stadii som fører til den mystiske sameiningi med Kristus. Men til liks med Kirsten Flagstad fekk Teresa òg vanskar med autoritetane. Ho var ikkje rædd for å kritisera ei rad mishøve innanfor kyrkja, noko som førde til at boki kom i søkjeljoset for inkvisisjonen, og fyrst seks år etter at ho døydde, vart boki stempla som «*imprimatur*», det tyder at ho «*kann prentast*».



Kirsten Flagstad som Elsa i Lohengrin, Nationaltheatret juni 1929

Boki til Teresa er på mange vis ein nyare parallell til Augustins «*Vedkjeningar*», og ein religionspsykolog vil visseleg finna mykje forvitnelegt stoff. Men boki er umstendeleg og ordrik, og ho kann etter kvart verta ei noko einsformig ørkenvandring for den som vil fylgja Teresa på den lange vandringi hennar langs vegen åt mystikken. So eg vil råda til ikkje å lesa for mange kapitel um gongen!

Kirsten Flagstad

Både Teresa og Kirsten Flagstad gjorde ein innsats som det stend vyrndnad av, den fyrste var skribent og den siste var internasjonal stjernesopran. Kirsten Flagstad var òg djupt religiøs, jamvel um ho aldri vart kristen i konvensjonell tyding. Konfirmantundervisningi tok ho svært ålvorleg. Bibelen var ei bok ho stødt vende attende til, og ho las honom frå perm til perm fleire gonger. Ho upplivde òg kva verde den kristne fellesskapan i kyrkja kann hava.

Namnet åt Kirsten Flagstad var i høg grad med på å merkja det musikalske verdsbilætet på 1900-talet. Ved sida av å

vera den viktugaste Wagner-tolkaren i musikkhistoria, var ho òg ein mektig ambassadør for norsk tonekunst ute i verdi. Difor verkar det temmeleg oppsiktsvekkjande, dei opplysningane som Solbrekken her legg fram, nemleg at kong Haakon neitta å opna festspeli i Bergen i 1953 om Flagstad skulde syngja medan han var der! Dette heng saman med at ho etter krigen vart skulda for å hava nazistiske sympatiar. Mordtrugs-mål, store demonstrasjonar med slagord og plakatar, konsertlokale yvermålte med hakekrossar, organiserte hylekor og stinkbombar gjorde det i årevis etter krigen naudsynt med livvakter og stort oppbod av politi kvar gong ho skulde syngja.

Undertitelen på boki ymtar um at det er tilhøvet millom verdsstjerna og sydebukk som ligg til grunn for framstillingi åt Solbrekken. Med denne boki hev Solbrekken sett det som si oppgåva å reinvaske «*sydebukken*».

Privat var Flagstad ei einfeld og smålåti kvinna, heilt utan primadonnanykkor. Ho lika seg best når ho kunde sitja heime og leggja kabal, framfyre festar og feiring. Politisk sèt var ho nokso naiv og utan kontakt med strøymingane i tidi. Det er soleis ingen ting som tyder på at ho hadde nazistiske sympatiar. Eller kva skal ein segja til at ho vart kritisert for å framføra verk av tyske komponistar som til dømes Beethoven og Wagner?

Men det var nett den naive politiske haldningi hennar som førde til problemi. Mannen hennar, ein kjend forretningsmann, var medlem i Nasjonal samling, og endå um han melde seg ut i 1941, heldt han uppe forretningssamband med Tyskland under heile krigen. Same året (1941) fór Kirsten Flagstad heim frå Amerika til eit tyskokkupert Noreg, og ho vart i samband med det stelt andsvarleg for forretningar og politiske vurderingar som mannen hennar hadde gjort. Ei viss oppreisning var det likevel at ho i 1958 vart peika ut til den fyrste sjefen ved Den norske opera.

Forsvaret som forfattaren kjem med av heltinna si, verkar yvertydande, og i hovudsak hev vel ettertidi òg gjeve henne rett. Men i boki fær dette altfor stor vekt på kostnad av den kunstnarlege sida ved verksemdti åt Kirsten Flagstad. Trass i alt er det den kunstnarlege innsatsen hennar som gjer at minnet um henne liver.

Styrt av høgre makter

Av Lars Bjarne Marøy

Olaf Almenningen, Oddmund L. Hoel, Geir Martin Pilskog og Håvard Tangen: *Studentar i målstrid.*

Studentmållaget i Oslo 1900–2000.

Utgegeven av Studentmållaget i Oslo i kommisjon hjå Det Norske Samlaget. Oslo 2003. 351 sidor

Soga åt Studentmållaget i Oslo var under arbeid i mange år. I 2003 kom boki endeleg ut. Mangt kann visseleg segjast um fyrearbeidet og soga åt denne soga. Etter det me skynar, er historikken attum tilvertingi åt boki slik: Håvard Tangen skipa fyrst til mykje tilfang frå lagsoga som hadde lege utan nokor skikkeleg arkivering eller gjenomtenkt skipnad. So vart Oddmund Løkensgard Hoel og Geir Martin Pilskog sette til å skriva kvar sin lut av soga. Pilskog, som etter fyreordet arbeidde på oppdrag frå Allforsk i Trondheim, gjorde undan sin lut tolleg snøgt, men vart etter kvart uaktuell i arbeidet med å gjera soga ferdug. Håvard Tangen og Olaf Almenningen kom so i arbeid. Fram til 2002 hadde dessutan ei referansegruppa samansett av historikarane Lise Kvande, Roar Madsen, Øyvind Thomassen og Kjell Haugland ei hand med i arbeidet. Den endelege skipnaden vart at Oddmund Hoel tok fyre seg tidi fram til 1930. Tangen og Pilskog hev andsvaret for bolkanane 1930–1959 og 1980–2000, medan Almenningen hev teke fyre seg 1960- og 1970-åri.

Boki tek til med ei innleiing som ikkje er underskrivi av nokon. Det er soleis uvisst kven det er som ynskjer å markera seg her. Men det er litt av ein kraftsalve me fær levert:

«Ein skal vera varsam med slike kåringar, men me er ikkje mykje i tvil når me utropar Studentmållaget i Oslo til Noregs viktigaste mållag. Som denne framstillinga vonleg vil få fram, hadde stoda for nynorsken vore heilt annleis i dag hadde det ikkje vore for aktiviteten til Studentmållaget gjennom 100 år.»

I fyreordet gjeng sogenemndi åt Studentmållaget endå meir offensivt ut:

«Studentmållaget i Oslo er kalla det viktigaste mållaget i landet, og det er ikkje utan grunn. Laget har dyrka fram ein alternativ elite som har vore med på å byggja Noreg. Gjennom 100 år har laget fostra stortingspresidentar, politikarar, biskopar, forlagsfolk, kringkastingssejfar, statsrådar og mange andre som har hatt

avgjerande innverknad på korleis landet ser ut i dag.»

Mottankane melder seg snøgt: Er det slik at det er Studentmållaget si fortienesta kvar gong ein som på einkvan måten hev vore innum laget, gjeng inn på ein yrkesveg? Og kva med Noregs Mållag, Vestlandske Mållag eller Det Norske Samlaget? Det vert vist til kontinuiteten i Studentmållaget i Oslo, men Noregs Mållag må då både ha kontinuitet og tyngd langt utyver det Studentmållaget i Oslo hev havt. Vestlandske Mållag var definitivt det viktugaste laget attum den sterke målframgangen vestpå; utan Vestlandske Mållag hadde ikkje kjerneumrådi stade der i dag. Samlaget hev tryggja bokutgjeingar på nynorsk, sjølve grunnlaget for heile målrørsla. Det verkar som ei tilsniking å utropa Studentmållaget i Oslo til det viktugaste mållaget i landet. Det kann difor vera grunn til å sjå nærare etter um forfatarane evnar å underbyggja det djerve påstandet.

Upptakten

Oddmund Hoel skriv um skipingi og gjer eit poeng av at Leiv Heggstad vart vald til formann i Studentmållaget i Oslo same kvelden som faren Marius Hægstad vart attvald til formannsyrkjet i Det Norske Samlaget. Hoel kallar dette «eit talande uttrykk for det som er eit gjennomgangstema i soga til Studentmållaget: det tette hopehavet mellom Studentmållaget og eliten i målrørsla» (s. 16).

Denne fastslåingi er interessant. Det kann visseleg vera soleis at Studentmållaget i Oslo er det laget i målrørsla som hev havt flest fyredragshaldarar frå den sokalla nynorskeliten. Og Studentmållaget i Oslo hev havt gode kontaktar med mange sentrale personar i målrørsla. Både desse tilhøvi er godt dekte i framstillingi åt Hoel. Men treng det dimed vera slik at Studentmållaget hev spela ei viktugare rolla enn andre mållag? Det hadde vore interessant å ha fenge sett upp kriterium for kva som skulde gjera eit mållag til noko viktugt: Er det karrierelista åt folk som hev vore med i laget, eller er det ubroti lagsdrift, eller kann henda noko heilt anna? Dette er det næraste ein kjem kriterium i fyreord og innleiing. Det verkar noko spinkelt.

Det som eg tykkjer må vera det rimelegaste kriteriet, er ikkje nokon av dei kriterii som sogenemndi og innleidarane

legg vekt på. I motsetnad til deim vil eg leggja vekt på kva laget faktisk hev utretta reint konkret. Kva hev styri og medlemene gjort i studietidi si? Det må, etter mitt syn, vera den einaste måten ein kann mæla kor viktugt Studentmållaget i Oslo hev vore. Når ein medlem ikkje lenger er student og er medlem av andre mållag der vedkomande høyrer betre heime, vert det berre merkjelegt å segja at Studentmållaget i Oslo stend attum det som vedkomande gjer.

I perioden millom 1910 og 1920 var medlemstalet i Studentmållaget i Oslo kann henda kring ti prosent av det totale studenttalet ved Universitetet i Oslo. Målstudentane utgjorde soleis eit klårt mindretal, men langt frå so lite som t.d. i dag. Etter dei tali som ligg fyre, var målstudentane desidert flest innanfor filologiske fag og innanfor teologi. Ein må spørja seg um desse fagi var dei som gav mest tyngd utetter, og ikkje minst innerter i målrørsla. Lærarhøgskulane og andre utdaningsinstitusjonar må ha rekruttert mange målfolk dei med, og truleg på eit breidare og meir allsidigt grunnlag.

Det er ingen tvil um at Studentmållaget i Oslo må ha havt eit rikt og umfangende programtilbod for medlemene sine, med lagskveld kvar fjortande dag, dei fyrste åri. Upptemjing i mål og målbruk og i å stå fram for andre som nynorsksbrukar må ha havt ein viktug symbolfunksjon i laget, men ikkje meir.

Norske folkeskrifter

Meir enn ein symbolfunksjon ligg det i folkeskriftene som Studentmållaget gjorde tildriv til å få sett i gang. Men her laut dei samarbeida med Noregs Ungdomslag skulde det heile fungera. Seinare vart det òg Noregs Ungdomslag, Vestlandske Målkontor og Norsk Målkontor som tok seg av administrasjonen. Studentmållaget spela ei viktug rolla i å setja i gang desse utgjevingane, men utan studnad frå leidande folk i norsksdomsrørsla hadde ikkje tiltaket bore seg.

Skuleboknemndi er òg eit tiltak som vert sterkt framdrege i boki. Tiltaket hev heilt klårt upphavet sitt i Studentmållaget i Oslo, men ein må undra seg yver um dette tiltaket hev vore eit reint tiltak for Studentmållaget. Me les at «det store omskiftet» for Skuleboknemndi kom i 1914. Det var då den 31 år gamle Olav Midttun kom inn i nemndi og vart for-

mann. Midttun vart verande formann fram til 1939. Ein annan av nemnd-medlemene, Johannes Lid, kom med frå 1914–15 og sat i nemndi til 1946. Der-som ein skal segja at Studentmållaget i Oslo stend attum det arbeidet som folk gjer i tretti år etter at dei hev avslutta studietidi si, vil truleg Studentmållaget kunna taka æra for mangt og mykje og venteleg meir enn det som vert teke upp i denne boki.

Reint komisk vert det når det vert konstatert at Midttun og Lie båe kom med i samlagsstyret i 1919 og vart sitjande i dubbelumbod i mange år. Det er vel liten tvil um at det var tenlegt for Samlaget å visa til å ha Studentmållaget attum seg når det skulde søkja staten um pengar, men i praksis kann ein gå langt i å segja at var andre enn Studentmållaget i Oslo som var leidande i arbeidet med bokutgjevingane.

Kuriosa

Um me so vender oss mot kva dei meinige medlemene utretta, er det slåande korleis dei kuriøse hendingane dominerer. I 1905 diskuterte aktivistar frå Studentmållaget i Oslo um dei skulde sprengja Karl Johan-statuen framfyre Slottet i lufti. Dei slo frå seg tanken. Eit liknande kuriosum øvvar seg for lesaren når Hoel skriv um Studentmållaget og Det norske Teatret.

Det byrja med at Studentmållaget sette upp ein del stykkje som dei spela sjølve. Men det lét ikkje til å verta nokon suksess. I staden samla ein gjeng målstudentar seg for å pipa ut eit riksmåls-stykkje på Nationaltheatret. Det førde i ettertid til ein del strid med Klaus Sletten i Noregs Ungdomslag, men førde ikkje noko konstruktivt med seg. I 1913 var folk frå Studentmållaget i Oslo innblanda i nevekampar rundt dei fyrste stykki på Det norske Teatret. Det er neppe nokon stor heider korkje for målfolki eller riksmålsfolki som var med i slagsmålet. Men slike konfrontasjonar skal det visst ha vore fleire av på denne tidi. At Studentmållaget var involvert i nevekamp og andre kuriosa, gjer neppe laget til det viktigaste i landet.

Noregs Mållag vert skipa

Under denne yverskrifti viser Hoel m.a. til eit opprit frå eit lagsmøte 18. november 1906, der det heiter:

«Styret hadde tenkt aa bjoda inn dei fleste kjende maalmenn i byen til eit møte i Turnhallen torsdag 23de novbr.

Skrivaren [Olav Riste] skulde syta for aa senda innbjoding til stortingsmenn og andre maalmenn. Samstundes vart det nemnt at styret skulde freista senda ut opprop til fylkesmaallagi um aa fyrebu samskiping i maalarbeidet ved næste stortingsval. Desutan [*sic*] nemnde formannen at ein skulde halda eit maalting [når det] leid utum nyaar.»

Hoel oppsummerar med at «[d]ette er i konsentrert form planen for det [*sic*] store målstemna og skipinga av Noregs Mållag i februar 1906» (s. 83). Allmanamøtet i Turnhallen vart halde med Rasmus Steinsvik til innleidar. Steinsvik var skeptisk til tanken um ein landssamskipnad, men han studde at det skulde haldast ei samling i Oslo. Det vart ordskifte i pressa um korleis målfolket skulde skipa seg fyre valet i 1906. Dette ordskiftet enda med at Norsk Mållkontor sende ut ei innbjoding til målstemna 4. februar 1906. Denne innbjodingi var underskrivi av 54 kjende politikarar og målfolk, av dei 27 stortingsrepresentantar for Vinstre.

Medan målstudentane var heime på joleferie, var det altso andre i målrørsla som greidde med alle fyrebuingane til målstemna, utan at Studentmållaget på noko tidspunkt var med i skipingi. Studentmållaget engasjerte seg heller ikkje mykje i Noregs Mållag etter at laget var skipa. Endå ein gong ser me at Studentmållaget hev vore nære upp til det som hev hendt i målrørsla på riksplan, men at det hev vore andre aktørar som hev drive fram dei viktuge hendingane.

Frå vinstrestat til arbeidarpartistat

«Mellom venstrestaten og arbeidarparti-staten» kallar Hoel bolken frå 1920 til 1929. Hoel peikar på at 1920-åri var merkte av sterk vinstre-radikalisme. Ein gjekk frå ei tid der Vinstre hadde havt den politiske styringi til ei tid der Arbeidarpartiet byrja å byggja upp det politiske hegemoniet sitt. Hoel slær fast at «[m]ålrørsla skulle tilpassa seg denne nye situasjonen, med industrialisering, urbanisering og sosialisme, og det vart ein vanskeleg prosess» (s. 93–94). Studentmållaget i Oslo skulde, etter Hoel, verta ein spjot-spiss for arbeidarpartistaten i målrørsla. Det gav seg handfaste utslag i eit samarbeid med det vinstre-radikale Mot Dag og tidsskriftet Fram (1923–29).

Kåre Fostervoll vart formann i 1919 og innleidde, etter Hoel, «ei kraftig kurs-ending bort frå det reindyrka filologiske og praktiske målreisingsarbeidet som hadde prega laget dei 20 åra sidan

skipinga. Målreisingsarbeidet fekk følgje av eit sterkare målideologisk og allmenn-politisk engasjement, og sosialismen tok opp tevlinga med den nasjonaldemokratiske venstreideologien som bere-bjelke i laget» (s. 94).

Berre på dette grunnlaget kann ein slå fast at Studentmållaget endå ein gong vart styrt av krefter utanfor laget sjølv. Laget vart nytta som stydjetroppar i striden kring Studentersamfundet i Oslo og i samanhengar der dei vinstre-radikale kreftene ynskte å skapa tilslutnad attum sosialismen. Mot slutten av 1920-åri vart det sosialistiske bladet Fram so ekstremt at det gjekk for langt. Millom anna gjekk bladet til harde åtak på den nasjonallynde Jørgen Bukdahl, som hadde synt seg som ein kjennar av norsk kultur. No gjekk det ikkje lang tid fyre Fram gjekk inn. Sam-bandet millom Mot Dag og Studentmål-laget enda òg på slutten av 1920-talet.

Del av folkefront

«Den nynorske delen av folkefronten» heiter bolken som strekkjer seg frå 1930 til 1945. Her vert det referert til eit opp-gjerdsmøte i Studentersamfundet i Oslo: I 1933 vart det skipa ei studentgruppa for Nasjonal Samling, og i lag med Den konservative studentforening og studentsympatisørane åt Fedrelandslaget ynskte dei «å kaste det marxistiske styret» i Studentersamfundet. I 1936 vilde NS, som var den største av dei tri grupperingane i alliansen, vinna Studentersamfundet. Studentmållaget stod saman med motkref-tene til denne aksjonen. Båe sidor verva stort, og til saman kom det millom 800 og 900 medlemmer på det avgjerande møtet. Den flokken Studentmållaget var med i, vann med 509 mot 350 røyster. Her var Studentmållaget i Oslo endå ein gong eit verkty i eit arbeid som strekte seg langt utyver det som var den fremste og mest jordnære arbeidsteigen åt laget.

Rettskrivingsstrid

1930-åri er mykje merkte av ein hardsett rettskrivingsstrid. Studentmållaget gjeng sterkt inn for samnorskklina i denne striden, og melder seg inn i Noregs Mållag og vil fremja samnorsken der. Mot slutten av 1930-åri tek elles Studentmållaget upp tanken um eit nynorskt universitet. Tanken vert vel motteken vestpå, og sterke krefter vert sette inn i arbeidet for å skipa eit nynorskt universitetet i Bergen, men når det gjeld, sviktar målmannen i styret til Bergens Museum, Martin Birkeland, nynorskaksjonen. Ein aksjon som vart

studd av fem fylkesting, ei rad kommunar, einskildpersonar og lag. Her vart striden førd vidare av høgnorskmenne på Vestlandet, men samnorskmannen Birke-land sette foten ned. Studentmållaget i Oslo var elles ikkje åleine um tanken um eit nynorsk universitet.

I 1950-åri er det på ny rettskrivingsordskiftet som dominerar den målpolitiske dagsetelen, og Studentmållaget i Oslo er atter ein gong med i striden. I den fyrste tidi etter krigen vart laget dominert av humanistar. Det vart halde ein del møte, men medlemsmassen gjekk ned, og det er vanskelegt å få auga på merkjesaker i laget fyre ein kjem ut i 1950-åri. Dette samsvarar mykje med utviklingi i Noregs Mållag, som i fleire av etterkrigs-åri var dominert av samnorskarar som ikkje var i stand til å setja i verk praktisk målarbeid. I 1952 vart det valt eit høgnorskvenleg styre i Noregs Mållag, og dette styret freista med fleire tiltak å reisa målstriden att. Eitt av tiltaki var å vera med å senda ut flogskriftet Norsk Reising i 1954. Skriftet vart prenta i 150 000 eksemplar. Dei samnorske kreftene tok ei hard oppgjerd med dette flogskriftet på årsmøtet i Studentmållaget i Oslo. Skriftet var på ei rettskriving som ikkje høvde seg for Studentmållaget og gjekk millom anna ut mot Norsk språknemnd. Ei fråsegn som sa seg leid for at Norsk Reising vart prenta, vart vedteki med 22 mot 18 røyster. Det vart valt eit nytt og samnorskvenleg styre etter dette.

Sigmund Skard var ein kjend fraksjonsleidar for dei samnorskvenlege i Mållaget. Skard samla fraksjonsmedlemmer til mangt eit møte på Amerikansk institutt i Oslo og var heilt tydeleg ein av dei sentrale attum utspeli frå Studentmållaget. Serleg tydeleg kjem dette til uttrykk når Skard i ein alder av 52 år vert vald til utsending frå Studentmållaget i Oslo til landsmøtet i Noregs Mållag i 1955. Endå ein gong ser me korleis Studentmållaget lét seg bruka av andre krefter som ynskjer å gjera seg nytte av resursane til laget.

På landsmøtet i Noregs Mållag i 1957 mana den nyvalde formannen, Hartvig Kiran, til at ein no måtte samla seg um å driva praktisk målarbeid. Kiran var samnorskven og vann formannsvalet etter kamprøysting mot høgnorsk-kandidaten Ivar Eskeland. Samnorsktilhengarane fekk fleirtal og Mållaget skifte kurs.

Fornyng og nyvakning

Det er ingen tvil um at høgnorsksympa-

tisørane fram til dette hadde vore ei progressiv kraft i Mållaget, men etter tapet i formannsvalet i 1957, gjekk tidi frå deim. Dei vart meir og meir marginaliserte og stod fram utan evna til å samla seg um praktisk og framtidsretta målarbeid. Når høgnorskvenene greidde å forskansa seg i Vestlandske Mållag i 13 år til, er det truleg på grunn av nokre sers gåverike einskildpersonar og i kraft av gamle maktposisjonar. Det som framfor alt skulde setja høgnorskvenene ut av spel, var at Skard-fraksjonen evna å koma med innspel som fekk studentane på 1960-talet til å tru at dei var med på noko viktugt i den store studenttilstrøymingi som kom upp då. Studentar frå nynorskumrådi kom til med bakgrunn i dei store ungdomskulli som voks upp etter 1945. Det er soleis med rette at Olaf Almenningen kallar bolken sin frå 1960 til 1969 for «Fornyng og nyvakning for målarbeidet».

Fornyngi kjem kanskje fyrst og fremst til uttrykk gjennom at det vart eit betre økonomisk grunnlag for å fremja nynorsken på 1960-talet. Dimed kunde det òg byggja seg upp eit stort rom for nynorskskribentar. Einar Haugen peikar i *Riksspråk og folkemål* (s. 228–232) på at leidande folk i Arbeidarpartiet måtte ha vore i kontakt med sentrale riksmålsfolk. Riksmålsfolki truga med rettsaker og hadde stor folkeleg oppslutnad. Arbeidarpartiet ynskde å sleppa undan å engasjera seg i målstriden. Partiet kunde tena på å gjeva noko til båe partar. Haugen slær fast at «[s]trategien lå temmelig klart i dagen: regjeringens (og dermed partiets) strategiske nederlag måtte gjenopprettes ved en håndsrekning til fienden. [...] Men ethvert politisk samarbeid mellom motstandere er betinget av kompromiss. I dette tilfelle kunne det bare bety at partiet ville gi opp alle ytterliggående fornorskingsframstøt i bokmål, mot full rettslig anerkjennelse av nynorskens rett i skole og administrasjon (s. 229–230).

Sume av konsesjonane fekk fylgjer med ein gong, medan andre ikkje vart realiserte fyrr det hadde gjenge mange år. Når det galdt læreboksituasjon, fekk undervisningsstatsråd Helge Sivertsen, som var arbeidarpartimann og målmann (samnorskmann), til mykje alt frå slutten av 1950-åri. Sivertsen truga forlagi med eit nynorskt statsforlag. Det førde til at formannen i Forleggerforeningen, Helge Groth, bøygde av og gjekk med på at det skulde skipast eit fond for lærebokproduksjon som skulde vera eit samarbeid millom staten og forlagi (sjå *Forlegger-*

foreningens historie av Nils Johan Ringdal, m.a. s. 185–186).

Dei målfolki som hadde kontaktar inn i Arbeidarpartiet, må ha tent mykje på at høgnorskmiiljøet ikkje lenger sat med makti i Noregs Mållag. Nederlagi for høgnorskfolki kom på rekkja og rad, med den nye rettskrivingi av 1959, etterfylgd av lærebøker på denne rettskrivingi og Alf Helleviks bestseljar *Nynorsk ordliste*, som betra økonomien i Samlaget muna- leg. Skard-fraksjonen vart òg definitivt leidande i målrørsla i og med at dei fylgde upp arbeidet med krav um parallellutgåvor av alle lærebøker og fekk gjennom innkjøpsskipnaden for norsk litteratur.

Samlaget trong forfattarar etter at den nye innkjøpsskipnaden var vorten vedteken. I det arbeidet nytta dei Studentmållaget i Oslo. Samlaget rekrutterte soleis ei rad forfattarar gjennom kontakten med Studentmållaget, og det var Sigmund Skards nære slektning Bjarne Birkeland som stod for denne kontakten. Det var ikkje tilfelleleg at det stod fram so mange nynorskforfattarar millom 1965 og 1970. Samlaget hadde ved inngangen til denne perioden fenge dubla statsløyvingane til drifti og var i stor vokster. Dei fleste titlane kunde gå so vidt yver 1000 eksemplar og bera seg ved statsmidlane. Ungdomen lét seg fascinera av framgangen for nynorskbøkene, og lét seg viljugt bruka som gode verkty for Samlaget, på same tid som eigenbaten òg heilt klårt var til stades.

Noregs student- og elevmållag vart ein sentral organisasjon som dana grunnlaget for seinare aksjonar og planfast arbeid for nynorsken på 1970-talet, ikkje minst dei store aksjonane for lærebøker på nynorsk. Det området der Studentmållaget i Oslo markerte seg sterkast og med mest tyngd, var vel like vel i arbeidet for å få bygt distriktshøgskular i nynorsk-kommunar og i striden for å skapa leveføre lokalsamfund gjennom distriktpolitikken. Her gjer Studentmållaget truleg noko av den viktugaste og mest markante innsatsen sin.

1970-talet

På 1970-talet veks aktiviteten i lagsarbei- det mykje. Den politiske striden hardnar til, og det vert strid um ålmennpolitikk i laget. Striden mot norsk EU-medlemskap førde med seg at møteverksemd i var stor fram mot folkerøystingi i 1972. Ei onnor sak som det vart mobilisert sterkt for, var dei største skulestreikane i norsk saga. Leidande målstudentar stod i brod-

den for landsfemnande aksjonar som sette lærebokstoda for nynorskelevane i høgsetet.

Den aktivistiske perioden kulminerar kring landsmøtet i Norsk Målungdom i 1976 og det påfylgjande landsmøtet i Noregs Mållag same året. Striden gjeng omkring ein skal slå inn på ei eittspråkslina eller um tvospråkslina no skal verta den rådande strategien. Det endar med eit kompromiss som bae flokkane kunde leva med.

1970-talet var ikkje minst merkt av eit sterkt og ukritisk fokus på dialektbruk. Den eine etter den andre målstudenten vart glødande uppteken av å fremja retten til at alle skulde få tala heimstaddialekten sin, og motstandet mot talemålsnormering vart sers sterkt. Det var berre nokre fåe kringvære knytte til Det norske Teatret og NRK som enno forsvara standardtalemålsbruk. Det vart sett i gang dialektvikor og svære upptog til forsvar for at folk skulde få bruka heimstaddialektane sine. Det heile vart rimeleg parodisk når ein kom ut på 1980-talet, og det var til slutt uråd å mobilisera folk til å gå i dialektupptog lenger. At uppegåande målfolk kunde te seg so låtteleg som det dei gjorde kring desse aksjonane, vert uskynleg for denne meldaren.

Eit underbruk av Norsk Målungdom

Det er nok den siste bolken i saga åt Studentmållaget i Oslo, som gjeng frå 1980 til 2000, som er grunnlaget for heile boki. Utgjevarane vil leggja fram sin versjon av den nyaste saga åt laget. Det er soleis grunn til å lesa denne delen av saga med serleg vaksame augo. Etter det me skynar, er det Håvard Tangen og skriftnemndi, personar som sjølve hev vore aktive i denne perioden, som hev lagt siste hand på verket.

Me merkjer oss som serleg interessant at Roar Madsen, som sat i referansegruppa, hev lagt fram eit uprenta manus som det vert vist til i kjeldelista. Manuset heiter «Norsk Målungdom 1984–1990: frå moterett radikalisme til klassisk norsksdom». Det skulde ha vore moro å ha lese dette manuset, som truleg må ha påverka framstillingi ein del. Det er i alle fall prisverdigt at ein av aktørane i målstriden i 1980-åri hev gjort tildriv til å laga ei samlande framstilling av den tidi då han var mest aktiv sjølv.

Stutt fortalt er den saga som vert fortalt, ei saga um Studentmållaget i Oslo som eit lag i sterkt forfall med tendensar til tillitsmannskrisa og som er fullstendig

fastlæst i ei folkemålslina, tvospråks-tenkjing og med vantande evna til å driva aktivt målarbeid. Aktivistane i Norsk Målungdom vert ståande i opposisjon til desse synsmåtane. Dei stend på ei nasjonal eittspråkslina og driv ein vel-lukka aktivisme. Dei held eit godt grep um landssamskipnaden og vinn målpolitiske sigrar med grunnlag i dei økonomiske og menneskelege resursane som Målungdomen skaffar seg. Den endelege sigeren vert vunnen i Studentmållaget i Oslo i 1989. Det fører naturlegvis til at den målpolitiske kursen endrar seg i Studentmållaget i Oslo utetter på 1990-talet. Dialekt- og folkemålslina er ikkje lenger den rådande, og ordskifte kring nasjonalisme vert ein attergangar gjennom heile 90-talet. Ordskiftet um norsk EU-medlemskap fører til sterkt aukande engasjement og eldhug i Studentmållaget. Eit av prosjekti som syner seg å nå vidt ut, er utgjevingane av bladet Fram med EU-kritiske artiklar på nynorsk.

Ei onnor sak som slær sterkt igjennom, er striden for nynorske parallellklassar i Oslo. Studentmållaget greider å hjelpa denne saki fram på breidt grunnlag og fær jamvel til eit samarbeid med Bondeungdomslaget um å løna personar som arbeider med parallellklassearbeid på deltid. Etter kvart hev det vore ikkje so reint fåe nynorske parallellklassar ved Sagene skule i Oslo. Her er det Norsk Målungdom som er den høgre makti.

Rare ordleggjingar

Denne siste bolken inneheld ein del mildt sagt rare formuleringar. Til dømes denne:

«Jamvel um satsinga på *Fram* ikkje varde lenger enn eitt år, viste bladet at krefter i Studentmållaget kunne reisa eigne initiativ og nå ut med ein nynorsk bodskap i nært samspel med samfunnet ikring.» (s. 273).

På denne meldaren høyrer denne setningi ut som ei byråkratformulering utan innhald. Det verkar òg som at det hev vore vanskelegt å distansera seg frå ting ein sjølv hev vore med på når Thomas Hylland Eriksen vert umtala som «[d]en antinasjonale EU-tilhengjaren Hylland Eriksen» (s. 279). Det må kunna gå an å ordleggja seg noko meir nøytralt i ei historisk framstilling. Det verkar likeins keivlegt å skriva at «[b]åde meiningsfellar og motstandarar av *Mål og Makt* vart portrettintervjua, slike som Trond Berg Eriksen og Øyvind Østerud» (s. 279). Det er vel ingen som er motstandar av eit blad? Og i so fall vilde det ikkje vera

naturleg å lata seg intervjuja av det. Her er forfattaren urimeleg og usakleg. Sjølv-motsegjande vert det når han skriv dette: «Eit nytt innslag i Mål og Makt var intervjuforma, som snautt hadde vore nytta i bladet på 10 år.» Innslaget var ikkje nytt. Det hadde vore nytta fyrr, men det kom attende for fyrste gong på 10 år. Det verkar òg lite kritisk å referera kva Mål og Makt-gjengen frå 1998 hadde som uttala mål utan å samanlikna med det som var fyrr. I røyndi var det nye Mål og Makt inkje anna enn eit skifte av bladbudnad, so umleggjingi ein talar um, er ikkje so stor som forfattaren gjer henne til.

Avslutningsvis er det verdt å bita seg merkje i ein av sluttsatsane i denne siste bolken åt Håvard Tangen og Geir Martin Pilskog. Her heiter det (s. 283):

«Gjennom mesteparten av 1900-talet var Studentmållaget ein arnestad og samlingsplass for ein folkeleg og radikal elite, som ofte gjekk inn for endringar, anten det no gjekk med eller imot makta i samfunnet. Både karrieristar og samfunnskritikarar har funne sin sjølv-sagde plass i laget. Berre folk som ikkje innser at det er motsetnadene og striden om meiningar og interesser mellom ulike klasser og samfunnsgrupper som er drivkrafta i saga, tykkjer dette er underleg.»

Kvifor det er naudsynt å slå fast at ulike folk er med i Studentmållaget i Oslo, hev denne meldaren vanskeleg for å skyna. Endå vanskelegare å skyna er det at folk som er motstandarar av det ein i samfundsfagi kallar for ein konfliktmodell som grunnlag for å skyna tilhøvet mellom ulike samfundsgupper, ikkje skulde kunna skyna at mange slags folk hev samla seg i Studentmållaget i Oslo. Må ein vera sosialist for å skyna seg på Studentmållaget i Oslo?

Det er i alle høve god grunn til å vera kritisk til den teoretiseringi som sogetnemndi legg upp til. Forfatarane stadfester ikkje grunnlaget for påstandet um at Studentmållaget er eller hev vore det viktugaste mållaget i landet. Meir oppsiktsekkjande burde det vera at ingen av forfatarane ser ut til å vurdera kva som gjer eit mållag viktugt. Studentmållaget i Oslo hev ikkje vore det viktugaste mållaget i Noreg. Til det hev laget vore styrt av altfor mange krefter som ikkje kann knytast til den jamne studentmassen eller til folk som i det heile hev vore studentar. Baksættesjåførane hev vore mange.

Lars Bjarne Marøy, studentmållags-aktivist i Bergen på 1990-talet

Diktaren og delfinen

Av Johannes Gjerdåker

Den vidgjetne skalden og songaren Arion frå Lesbos var ein ven til Periander, kongen av Korint. På ei ferd i Italia hadde han vunne heider og rikdom, og han vilde no venda attende til Korint og velgjeraren sin der. Då skipet han fór med, var kome ut i open sjø, baud skipsmannskapet honom å kasta seg i havet, for at dei deretter kunde eigna til seg dei verdfulle tingi han førde med seg.

Slegen av rædsla og med all livsvon ute, bad Arion um berre éin ting: Det var um han fyrr enn han møtte dauden, skulde få lov til å pryda seg på songarvis, gripa lyra og syngja ein song til trøyst i ulukka. Dei ville og råbarka sjømennene fekk hug til å høyra han; bøni hans vart oppfylt. Strakst etter stod han i vanleg songarprydnad høgt uppe på bakstammen og song kvædet sitt med høg røyst. Då det siste ordet klang ut, kasta han seg ut på djupet med lyra og all si prakt, slik som han stod og song. Sjømennene var visse på at han vilde umkoma, og dei stemnde fram på same leidi som dei hadde valt frå fyrst av.

Men det vert fortalt at noko nytt og underfullt hende: Ein delfin skal brådt ha sumt fram millom bylgjone, dukka ned under mannen der han låg og flaut i vatnet, og på ryggen sin skal delfinen ha ført Arion yver havsens våg heil og med alt utstyr uskadd til Tænarum på fastlandet i Lakonia. Derifrå gjekk Arion beinveges til Korint, steig i same drakti som under ferdi på delfinryggen fram for kong Periander og fortalde alt som hadde hendt

på havet, til kongen, som ikkje visste noko um hendingi i det heile. Men kongen kunde ikkje heilt tru Arion og sette han under vakthald, som um han skulde fara med lygn og svik. No lét Periander strakst kalla til seg skipsmannskapet, og spurde utan at ein kunde merka noko på



«Arion på delfinen»
 av François Boucher (1703–70)

honom, um dei hadde høyrte eitkvart um Arion på dei stadene, dei kom i frå. Dei svara at mannen var i Italia då dei siglde derifrå, og at han der livde i glans og gleda etter mykje løn og lovord. Medan dei tala på denne måten, steig Arion uventa fram med lyra og skaldedrakti, som han hadde kasta seg i havet med. Mållause og tvinga til sannings syn kunde ikkje sjømennene neitta brotsverket sitt.

* * *

Soga ovanfor er fortald av Aulus Gellius, ein romersk forfattar som livde i keisar-

tidi frå år 125 til år 180 e.Kr. Det er teke vare på eitt verk etter Gellius, det er *Attiske næter* (*Noctes atticae*); saga um Arion og delfinen er éi av mange sogor frå aust og vest, og frå mange tider, som Gellius har samla i denne boki. Det er eit samleverk meir enn eit sjølvstendig granskingsarbeid Gellius hev gjeve. Slik kann boki hans i nokon mun samanliknast med den islenske *Flateyarbók* frå 1300-talet og like eins i nokon mun med Thrond S. Haukenæs sine bøker frå 1880-åri til 1920. Det hev vist seg at kompilat som desse kann vera sers verdfulle og gjeva eineståande glimt av livet for ettertida.

Ikkje noko dikt finst etter Arion, men han må ha livt på 600-talet f.Kr., det er i generasjonen til lyrikarane Alkaios og Sapfo som bae òg var fødde og oppvaksne på øyi Lesbos. Litteraturhistorikarar er samde om at Arion må ha vore ein nyskapar i diktekunsten. Kristen Weierholt, som i si tid var lektor ved Voss off. landsgymnas, skriv um Arion: «... Arion budde lenge i Korint. Han skreiv lyriske korsongar, serleg dityrambar (songar til Disnysos), som han gav ei fast kunstform og øvde inn med kor (song og dans). Korsongane i den greske tragedien har sitt opphav her ...» Om Periander er det kjent at han var den andre tyrannen som rådde yver Korint, og då i tidi 625–586 f.Kr. Venskapen hans med Arion er det fortalt um i andre kjeldor òg enn i boki åt Aulus Gellius.

Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Postboks 49 Blindern, 0313 Oslo

Sluttordet:

D'er betre seint en aldri.

Etter Ivar Aasen